




Luster kommune

# LUSTRA

*nytt*



God jul



*Ordførar  
Andreas  
Wollnick  
Wiese.  
Foto:  
Ørjan Talle*

Eg kan ikkje starte denne fyrste helsinga som ordførar utan å takke hjarteleg for tilliten me fekk i årets kommuneval. De veljarar ville framleis ha den retninga som politikarane har staka ut dei siste åra, samstundes som de gav tydelege signal om at det må bli eit breiare politisk arbeid her i kommunen.

Valresultatet har gjeve oss ein ny styringskoalisjon bestående av Senterpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet, og eg har fått æra av å representerere dykk alle som ordførar dei neste fire åra. Eg er kjenslevar for at de som ikkje stemde på oss også skal få ein ordførar som representerer dykk på ein god og inkluderande måte. Det er innbyggjarane sitt privilegium å kunne kontakte ordføraren direkte når de har saker de vil diskutere. Då spelar politisk farge ingen rolle!

Me i Luster har føre oss store oppgåver i åra som kjem, og det betyr at de som innbyggjarar må takast med på råd i dei politiske avgjerslene. Samstundes skal me hegne om dei gode funksjonane me allereie har, og som gjer Luster til ein attraktiv kommune for innbyggjarar i alle livsfasar.

# Gode lusteringar!

Det viktigaste enkeltgrepet me skal gjøre i fireårsperioden er å få i gong prosjektet med eit nytt helsehus i Gaupne. Det er færre hender enn me ynskjer i pleie og omsorgssektoren, og då må me samle ein del funksjonar i eitt hus. Sjølv med eit nytt signalbygg i kommunesenteret vil det framleis vere behov for å utvikle dei gode tilboda som finst på Hafslo og i Luster,

Dei fleste lusteringar vil vere opptekne av sentrumsplanane som skal gje utvikling i Gaupne og på Hafslo, og me skal syte for at prosessane vert gode og inkluderande. Eg som ordførar vil ta initiativ til eit nærmare samarbeid med bygdelag, næringsliv og dei friviljuge organisasjonane i dette arbeidet.

Det er også små og store oppgåver som venter kringom i grendene. Eg har godt von om å få reist rundt og besøkt fleire bygdelag og kommunale einingar denne komande vinteren for å få med signal om kva som er bra og kva som kan bli betre. Dette gler eg meg til, og så skal eg love å dele det eg ser og hører med dei andre som sit med avgjerdsmynne!

Det er seinhaust, og straks er førjulsvinteren her med den fine adventstida og forventingar for born og vaksne. Heime på Skjolden har me vorte vande med store julefeiringar med bergensarar i lange baner! Det er ikkje alle forunnt å ha mange folk rundt seg, og kanskje burde me fokusere meir på å vere i lag også med sambygdingar me vanlegvis ikkje ser så ofte.

Julebodskapen vert gjerne ekstra sterk i år, med vedvarande krig i Ukraina og no også ei stor tragedie i Midtausten. Me skal vere takksame for at me bur i eit roleg og velfungerande hjørne av verda. Samstundes skal me hugse på at det også er fleire og fleire av oss som bur i Noreg som kjenner på vanskar med dyrtid og forverring av økonomien.

Då vil eg til slutt ynskje alle lusteringar ei retteleg god jul, og takk for det gamle som me seier i Bergen. Pust med magen, og senk skuldrane sjølv om julestria kan vere krevjande på fleire vis!

*God jul til  
dykk alle.*

  
Andreas Wollnick Wiese, ordførar

# Rådmannen har ordet: Kommunesamarbeid

Både nasjonalt og regionalt, også i Sogn, er det endringar og tilpassingar når det gjeld kommunesamarbeid. Kommunelova vart revidert og fastsette krav til det interkommunale samarbeidet, organisering og regelverk, med tidsfristar knytta til konstituering av nytt kommunestyret hausten 2023. Ein eigen del i ny kommunelov, kapittel 17-21, omhandlar interkommunalt samarbeid. Interkommunalt samarbeid skal organiserast gjennom interkommunalt politisk råd, kommunalt oppgåvefellesskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap eller anna selskapsorganisering som det er rettsleg høve til. Intensjonen her er, som i det kommunale arbeidet, eit noko tydelegare skille mellom politikk og administrasjon. Det er krav til organisering, styringsorgan og innhald i samarbeidsavtalar.

I kommunen og regionen innrettar me oss no etter dette lovverket. Sogn Regionråd som me kjänner som det overordna kommunesamarbeidet i Sogn er omskipa til Sognarådet interkommunale politiske råd.(Sognarådet IPR). Overordna styringsorgan her vert eit representantskap samansett av formannskapsmedlemmar/varamedlem (38 medlemmar) frå dei seks sognekommunane. Ordførarane vert arbeidsutval som skal skjøtta det «daglege» samarbeidet. Hovudoppgåvene vert å ta politiske initiativ, fremja og følgje opp regionen sine saker og vere gode «lobbyistar» for regionen.

I omorganiseringa er så ein del av tenesteoppgåvene, som har sortert under regionrådet, flytta over til anna organisering. Mykje av desse, mellom anna oppvekstsamarbeid, vert lagt til ein ny konstruksjon med nemninga kommunalt oppgåvefellesskap (KO) der administrasjonen/rådmennene får ansvaret for oppgåvene under «oppsyn» av ordførarane som utgjer representantskap.

I lys av endra lovverk, og omskipinga, vert det så naturleg med ei drøfting av ev andre endringar og mulig utvida samarbeid. Ei sak er om fleire kommunar vil delta i eksisterande kommunesamarbeid, til dømes barnevern, kulturskule eller PPT. Luster er positive til at fleire deltek i dei eksisterande samarbeida inkludert ein diskusjon korleis desse samarbeida skal organiserast framover. Ei neste sak er så om her er andre og nye område der kommunesamarbeidet bør utvidast. Ein første utsjekk administrativt peikar på ein god del aktuelle område. Det kan vere samarbeid om kompetanse som advokat, samarbeid om planlegging eller felles innkjøpskontor m.fl. Innan NAV går og drøftinga om ei ytterlegare regionalisering også av dei kommunale oppgåvene.

Rådmann  
Jarle Skartun.




Luster har stilt seg positiv til ei nærmare utgreiing av flere grunnar. Kommunesamanslåing er uaktuelt tema i Luster og då vil utvida samarbeid vere ein strategi som kan sikra fagmiljø, kvalitet og kontinuitet, for ein del tenester og oppgåver der det vert krevjande å kome i mål på eiga hand. Rekruttering og kompetanse syner seg meir og meir krevjande, krav til tenester vert skjerpa og det er behov for ein meir samla region Sogn for om mogeleg sikra vidare vekst og utvikling.

Tilbake til det nasjonale så går det og ein debatt om «Generalistkommunen»- er alle kommunane i stand til å løyse alle kommunale oppgåver framover ? – kor store må kommunane vere for å greie jobben ? I framtidssbilde og utgreiingar om dette så endar ein opp med langt større kommunar enn Luster. Ein enkel konsekvens er at ein må kompensera med eit godt og relativt omfattande interkommunalt samarbeid. I tillegg til dette så må me bu oss på endringar i inntektssystemet i vår disfavør, i sum og på sikt vil nok kommunesamarbeid vere økonomisk gunstig dersom ein lukkast med arbeidet.

Luster kommune har eit godt utgangspunkt for å møta utfordringar, ikkje minst grunna gode kraftinntekter, men rådmann er tydeleg på at me må delta i og engasjere oss i regionen, slik at utviklinga og i Luster kommune kan bli best mogeleg.

*God jul til alle.*

  
Jarle Skartun, rådmann

# Senterpartiet



**Andreas  
Wollnick Wiese**  
*-ordførar-*

Skjolden



**Marianne  
Bugge**

Ornes



**Knut  
Hauge**

Marifjøra



**Olav  
Høyheim Einan**

Hafslo



**Martha  
Boksasp  
Lerum**

Sørheim



**Einar  
Bolstad**

Hafslo



**Magnar  
Bjørk**

Fortun



**Ann Kristin  
Sperle**

Høyheimsvik



**Marthe  
Gjerde**

Jostedal

# Kommunest

2023

## Arbeidarpartiet



**Gunn Beate  
Thorsnes Lefdal**

Gaupne



**Oddstein  
Haugen**

Solvorn



**Kåre  
Hønsi**

Gaupne



**Anette  
Steggejerdet  
Norberg**

Gaupne



**Svein Tore  
Heltne**

Luster



**Jonny  
Gjerde**

Skjolden



**Vivian  
Kvam**

Hafslo



**Helene  
Selland**

Hafslo

# Kyret i Luster

3-2027

## Venstre



Kjetil  
Melheim

Marifjøra

## Sosialistisk venstreparti



Liv  
Endresen

Gaupne

## Framstegspartiet



Ernst  
Veum

Hafslø

## Høgre



Geir Arve  
Sandvik  
-varaordførar-

Gaupne



Bård  
Flattun  
Lilleeng

Gaupne



Britt Dagrunn  
Brugrand

Høyheimsvik

## Kristeleg folkeparti



Jonathan  
Hurthi

Marifjøra



Ole Martin  
Brennsæter

Fortun

## Varamedlemar

### Arbeidarpartiet:

Geir Arne Kvam  
Lars Jørgen Kjærvik  
Eirik Hoem  
Synne Nes Veum  
Marita Kveane  
Odd Atle Stegegjerdet  
Sigfred Arnulf Haugen  
Mina-Christine Tangerud Ølnes  
Øyvind Åsarmoen Møller  
Ine Jeanette Skjerven  
Therese Hilleren

### Senterpartiet:

Grete Kristin Leirdal  
Charlotte Alme Bringe  
Tom Idar Kvam  
Erling Sperle  
Johanne Grov  
Anja Irene Hilleren-Fåberg  
Jon Rejni Øvreås  
Silje Holen  
Per Steinar Sviggum  
Emma Nylöy  
Anne Lise Haukadal  
Kurt Heggestad

### Sosialistisk venstreparti:

Kai Øystein Søvde  
Arve Bjørn Røneid  
Anne Grethe Sønsthagen  
Rasmus Tennø Loe  
  
Høgre:  
Elisabeth Stokkenes  
Øyvind Tørvi  
Terje Bakke Nævdal  
Tomas Kjørlaug  
Per Jarle Molland  
Trine Eide Sandvik

### Venstre:

Steinar Bruheim  
Sandhya Karlseth Holene  
Stine Rebni Bjørk  
Magnus Snøtun

### Kristeleg folkeparti:

Beate Bondevik Lie  
Hermund Alme  
Olaug Høyheim  
Oda Bertine Bondevik Lie  
Håvard Sie

### Framstegspartiet:

Arne J. Hauge  
Janne C. Kvamme Sætherbø  
Turid Øiene  
Erling Schønning Vigdal

# Råd og utval i Luster 2023-2027



## Formannskapet

- Geir Arve Sandvik (varaordførar), Høgre
- Jonatan Hurthi, Kristeleg folkeparti
- Oddstein Haugen, Arbeidarpartiet
- Kjetil Melheim, Venstre
- Marianne Bugge, Senterpartiet
- Andreas Wollnick Wiese (ordførar), Senterpartiet
- Gunn Beate Thorsnes Lefdal, Arbeidarpartiet



## Plan- og forvaltningsutvalet

- Ann Kristin Sperle, Senterpartiet
- Arne J. Hauge, Framstegspartiet
- Svein Tore Heltne, Arbeidarpartiet
- Olav Høyheim Einan, Senterpartiet
- Sandhya Karlsen Holene, Venstre
- Bård Flattun Lilleeng (leiar), Høgre
- Anette Stegegjerdet Norberg, Arbeidarpartiet



## Kontrollutvalet

- Kai Øystein Søvde, Sosialistisk venstreparti
- Eirik Hoem, Arbeidarpartiet
- Øyvind Tørvi (nestleiar), Høgre
- Vivian Kvam (leiar), Arbeidarpartiet
- Anne Lise Haukadal, Senterpartiet



## Ungdomen sitt kommunestyre

Medlemer og varamedlemer i UK 2023-2025,  
samla til sitt første møte i november 2023.

### Bak frå venstre:

Brage Norberg, Torje Bugge Brattebø, Alex Olai Sjøthun, Aleksander Sognnes Heltne, Kristian Bringe, Sølve Skjerven Oksnes, Hans Fredrik H. Moe, Per Gunnar Moe, Lorentz Waagsbø Wiese, Johanne Fristad, Jonatan Hurthi (observatør)

### I midten frå venstre:

Ida Lømheim Aanes, Ole Andre Legria Thune, Ingrid Johanne Kvalen, Ida Stai Bolstad, Tuva Kringstad Sjøthun, Selma Hovland, Ida Søvde Bolstad, Vitalii Huz, Sverre Urnes, Emma Flohaug Leirdal

### Framme frå venstre:

Madeline Faith Schanke Eikum, Casandra Tverberg Talle, Ingeborg Eggen Ormberg, Ingrid Johanne Hurthi, Aya Ahmad Alokal



# Eldredagen

Eldrerådet arrangerte tradisjonell eldredag på Eikum hotell i haust. 130 deltok på triveleg arrangement med god mat, god prat og god stemning.

Johannes Lad har vore leiar i Luster eldreråd sidan 2011, i tre valperiodar. Han ønskete velkommen på vegne av eldrerådet.

Nils R Sandal, styreleiar i Pensjonist forbundet Sogn og Fjordane var hovudtalar og snakka varmt om kor viktig ressurs dei eldre er i frivillig arbeid i lokalsamfunna. Dei sit inne med ein utruleg realkompetanse og fagleg kompetanse. Det er viktig at det blir lagt til rette for at desse ressursane kan blomstre. Einsemde er ei stor utfordring for mange eldre. Det er viktig å ha gode møteplassar der ein kan ha det fint i lag. Sandal

peikte og på at det er viktig at helseutfordringar, både fysiske og psykiske, blir ivaretake på ein best mogleg måte hjå dei eldre. Då me me heidre medhjelparar ute i samfunnet og i helse- og omsorgstenesta. Dei gjer ein eineståande jobb.

Indre Hafslo spelemannslag er alltid vellukka underhaldning. Rådmann, Jarle Skartun, orienterte litt om utviklinga i kommunen, dei viktige kraftinntektene og den ekstraordinære oppgåve med å ta mot flyktningar.

Ordførar Ivar Kvalen takka for alle dei gode stundene på eldredagane og samarbeidet med eldrerådet.

I november valde kommunestyret nytt eldreråd for valperioden 2023-2027. Eldrerådet skal ha seg førelagt alle saker som gjeld eldre sine interesser og behov,

og kan sjølv ta opp saker som dei meiner er viktige for eldre i Luster kommune.

## Nyvald eldreråd 2023-2027

Liv Helen Nystuen, Gaupne  
Sigfred Haugen, Solvorn

Arne Midtun, Gaupne

Jan Kåre Norberg, Jostedal

Inger Beate Dalheim, Hafslø

Alf Henning Evjestad, Gaupne

Marta Marie Bukve, Skjolden

*Observatør: Geir Arve Sandvik  
(varaordførar)*

### Varamedlemer:

1. Erling Kvalsøren, Gaupne
2. Astrid Martinsen, Luster
3. Wilfred Pedersen, Fortun
4. Else Marie Øvrebø, Gaupne

### Varaobservatør:

Andreas Wollnick Wiese (ordførar)

Eldrerådet vel sjølv leiar og nestleiar den 4. desember, etter at Lustranytt har gått i trykken.





# Formannskapet på bedriftsbesøk

Den 27. september hadde det sitjande formannskapet sitt siste møte. Etter at sjølve møtet var ferdig tok formannskapet turen til to interessante lustrabedrifter.

Fyrst var det vitjing hjå Luster mekaniske industri. Her hadde dagleg leiar Geir Øren ein gjennomgang av bedrifa og planane framover. LMI som har amerikanske eigalarar er i vekst og har mange store ordrar framover.



Det er særleg store prosjekt knytt mot kompressorar/pumpesystem som skal nyttast på gassfelt på store djup m.a. Osebergfeltet. LMI har utvikla ein særleg god kompetanse innafor sveising, som gjer at dei er fár svært gode attendemeldingar fra marknaden. LMI treng fleire folk og er i gang med intern opplæring av nye tilsette. God stemning i ei av dei «vaksne» lustrabedriftene.

Etterpå gjekk turen til Digital Etikett. Eigaren Kjetil Hovland tok formannskapet med inn i ei bedrift som er i stadig vekst. Verksemda har vakse på produksjon av merke/etikettar som vert nytta i næringsmiddel (mat og drikke), kjemi, måling og mykje meir. Det er no i gang eit ombyggings- og



utvidingsarbeid for å få plass til nysatsing; produksjon av fleksibel digital emballasje. Her er dei no i gang med ein spennande utviklingsprosess på produktsida, men også i høve marknaden. Kjetil Hovland ser store mulegheiter for vekst og nye tilsette framover.



# Etablering av politisk frivilligkeitserklæring i Luster kommune

*«Innbyggjarane som bur i kommunen er vår viktigaste ressurs og i Luster kommune er det mange frivillige. Den frivillige innsatsen er avgjerande for å skape gode lokalsamfunn. Et godt samspel mellom kommunen og frivilligheita er nødvendig for å møte utfordringar og moglegheita som følger samfunnsutviklinga»*

Sentrale myndigheter tilrår alle kommunar å etablere ein politisk frivilligkeitserklæring.

Ei frivilligkeitserklæring skal representere Luster kommune sin frivilligheitspolitikk og innehalde grunnleggande prinsipp og overordna målsetting for kommunen sitt samspel med frivillig sektor.

Målet med erklæringa er å gje eit fundament for eit forutsigbart

og konstruktivt samspel mellom partane.

Som del av arbeidet med Frivilligkeitserklæring inviterte kommunen organisasjonane til kveldskonferanse i hausten 2022 for å få innspel. Det var godt oppmøte og stort engasjement med om lag 70 personar som deltok.

I haust vart organisasjonane invitert til å delta ei digital kartlegging. Undersøkinga gjer det mogeleg for organisasjonane å påverke rammevilkåra for frivillig arbeid i kommunen, gje tilbakemelding om korleis dei ønskjer å samarbeide med kommunen, kva for utfordringar organisasjonane møter og kva som kan bli betre.

Den politiske frivilligets-erklæringa skal behandlast i kommunestyre ila 2024.

**Det er trekt ut 3 vinnarar:**



*Me takkar alle som har svara på undersøkinga.  
Vinnarane blir kontakta.*



Synnøve Haugen. Foto: Inger Merete Elven/Bladet Vesterålen.

## Synnøve vert ny biblioteksjef

Synnøve Haugen er tilsett som ny biblioteksjef i Luster. Ho er 25 år, frå Sortland i Nordland og med slektsopphav i Luster. Haugen har ein bachelor i medie- og dokumentasjonvitenskap frå UiT med fordjuping i biblioteksfaglege emne. Bacheloroppgåva dreidde seg om skulebiblioteket på vidaregåande skule og korleis ein skapar leselyst for ungdom i den alderen.

I dag arbeider Synnøve med ungdomsarbeid ved kulturfabrikken Sortland. Oppstartdato vert medio februar. Haugen seier om den nye stillinga at «Eg ser fram til å kome til ein ny plass og møte nye folk og kollegaer. Eg ser fram til å jobbe i biblioteket, jobbe med litteratur og formidling.»

Kommunalsjef for oppvekst, Knut Åge Teigen, ønskjer Haugen velkommen til Luster og seier: «Me ser fram til å få Synnøve på plass. Biblioteket er ein viktig del av Lustrasamfunnet, ein stad der folk kan hente inspirasjon, informasjon og læring, ein stad for kulturelle og litterære opplevelingar, ein stad som bidreg til leselyst. Dette vil Synnøve bidra til saman med resten av kollegiet på biblioteket.»



Leiar Oda Bertine og nestleiar Aleksander i Ungdommen sitt kommunestyre (UK) ilag med tidlegare medlem og noverande kommunestyrerepresentant Jonathan Hurthi i sofa samtal om UK.

## Ungdommen sitt kommunestyre

Ungdommen sitt kommunestyre (UK) arrangerte i haust ein ungdomskonferanse for å informere lustraungdommen om UK. Ungdomskonferansen var arrangert på ungdomsklubben i Gaupne. Her hadde me kjekk underhaldning

som sofa samtal og noko UK sjølv har funne på som heiter «Alle mot ordføraren».

Det liknar i grunn på alle mot ein på NRK, men no var det jo konkurranser mellom publikum, og dåverande ordførar Ivar Kvalen.





Deler av UK har teke imot amerikansk ungdom på rådhuset. Framme frå venstre: Ingrid Elisabeth Tangerud Ølnes, Elyse Mae Neprud, Oda Bertine Bondevik Lie, Damien Grant Radke, Sølve Skjerven Oksnes, Joakim Tenold Ølnes. Bak frå venstre: Per Gunnar Moe, Hans Fredrik Moe, Thor Willhelm Wangensteen Fredheim.

## Kulturutveksling med venskapskommunen Vernon county i USA

Heldigvis kom det søkerar til kulturutveksling i 2023. Thor Willhelm Wangensteen Fredheim og Ingrid Elisabeth Tangerud Ølnes fekk innvilga deltaking i kulturutveksling. I månadsskiftet juli/august tok dei og

familiane deira i mot Damien Grant Radke og Elyse Mae Neprud. UK møtte dei på rådhuset og i ungdomsklubben i Gaupne ein dag i sommar. Informerte om Uk sitt arbeid, viste dei ungdomsklubben, spelte volleyball og

hadde ein triveleg dag saman. Neste sommar er det Thor Willhelm og Ingrid Elisabeth sin tur til å reise til dei amerikanske ungdomane i Vernon.

ATS:

## Baking av julekaker

Det er stor etterspurnad etter ulike kakesortar frå ATS i lokalsamfunnet, for alle skal som kjent sikra seg «dei sju sortane» til jul. Kjøkkenet ved ATS startar produksjonen av julekaker i god tid før advent for å rekkja å laga nok til alle som spør.

*Teamleiar Jane Engjom*



Hjå ATS kan du få kjøpt smoltringar, kransekakestenger, brune pinnar, serinakaker, nordlandslefser, julebrød mm. Alle kaker og annan mat som vert levert frå kjøkkenet her er laga for hand og held god kvalitet. Hausten og førjulstida er ein av dei mest hektiske periodane då dei skal produsera tusenvis av handlaga produkt til sal frå utsalet på ATS, og julemarknad i Marifjøra eller Gaupne. Litt uti adventstida bør du ha sikra deg småkakene frå ATS-kjøkkenet, for den nærmaste tida inn mot jul vert produksjonen av runde kaker/festkaker prioritert.

Teamleiar Jane Engjom har mange dyktige medarbeidarar med seg i arbeidet på kjøkkenet. På bileta Randi Teigen, Kirsten Kvamsdal, Fahima Abed Naasan.



Kirsten Kvamsdal og Fahima Abed Naasan



Randi Teigen

# Nytt frå ATS

## Nye medarbeidarar på ATS

Ved ATS kan ein få tilbod om tilrettelagt arbeid. Dette er viktig for mange som ikkje kan stå i ein ordinær jobb. Gjennom tilrettelagde oppgåver kan den einskilde få nytta ressursane og evnene sine til

verdiskaping og eigenutvikling. I eit sosialt fellesskap som ATS kan dei fleste finna kollegaer og venner som gjer dagen rikare, og samstundes bidra til viktige tilbod i lokalsamfunnet.

Det kjem stadig nye medarbeidarar til ATS, her representert ved Merete Aasen (venstre), Natalie Tokvam Vinjor (midten) og Pål Sletten (høgre).



## Den nye Tajfun 480 vedmaskina er på plass

Etter 20 år i aktiv teneste kan den gamle Kisamaskina no få fri. Det har teke lang tid å få tak i ei ny maskin, men no er den nye Tajfun-maskina på plass og i drift. Ved-gjengen fortel at den nye maskina er både rask og kraftig, så dei har godt håp om

at den skal fungere godt. Det vil koma vel med når omlag 10.000 ved-sekker skal produserast kvart år.

Det er gjort fleire forbetingar på produksjonslinja i samband med installasjonen av den nye maskina. Mellom anna er det

montert flisavsug med eigen container på utsida av hallen, og mekanisk stokkebord som vil gjera arbeidet med inntak av råstoff mykje lettare. Det er framleis nokre utfordringar å løysa, ma. noko maskinstøy som ein ønskjer å dempa. Dette vert jobba med for å retta opp så snart som råd.

På biletet jobbar Kjetil Fardal og Jon Solhaug med prøvekjøring av den nye maskina.



# Mottak av bomullstøy

**ATS tek imot reint bomullstøy. Du kan anten levera tøyet på ATS, eller i eigen container på Miljøstasjonen i Gaupne.**

Det er viktig at tøyet er reint og godt eigna til å tørka med. Tøyet treng ikkje vera av 100% bomull, men må likevel vera hovudsakeleg av bomull. Syntetiske stoff som nylon, viscose etc. kan ikkje nyttast fordi dei vanlegvis har svært dårlige tørkeeigenskapar.

Bomullstøy som er veleigna til å riva tørkefiller av kan vera sengetøy som dynetrekk, putevar og laken, handkle og kjøkkenhandkle,

skjorter og T-skjorter, dukar mm. Hjå ATS vert tøyet rive til tørkefiller som vert nytta i industrien, td. i trykkeri, mekanisk industri og liknande. Tørkefillene vert rivne i høvelege bruks-størrelsar og levert til kundane i 10kg nettingsekker.

Kle som du meiner er brukande for andre kan du levera i eigne kle-containrar ved Miljøstasjonen som før. Innhaldet i desse containerane vert sendt til sentrale mottak for gjenbruk.

Me leverer alt for mykje restavfall. Å levera tøy til riving eller gjenbruk er ein av mange måtar du kan gje eit viktig bidrag i jobben med å ta vare på jorda vår!



Natalie riv bomullsklede til filler.



## Makulering

ATS tek imot papir til makulering. Ta kontakt på telefon 576 85 735 dersom du har papir du ønskjer å få makulert. ATS syter også for henting om du treng det.

Makulert papir blir ikkje avfall, men kan ma. nyttast som strø i grisefjøs. På bileta er det Albert Høyheim som steller med grisene sine. Ifølgje faren Svein Alfred er dette eit godt miljøtiltak i fjøset, noko grisene set stor pris på.



Over: Albert og grisene i fjøset.



T. v:  
Stein Ove Feet makulerer papir.

T. h:  
Svein Alfred fraktar makulert papir frå ATS.



# Lærlingar



*Kristine Fardal Norheim tok fagbrev i helsefagarbeidet i august 2023. Me er glade for å få fleire helsefagarbeidarar og gratulere Kristine med gjennomført læretid og fagbrev.*

*Aya Ahmad Alokla er lærling i sørvis- og administrasjonsfaget og har læreplassen sin på rådhuset. Aya starta læretida i august 2023.*

Luster kommune tek samfunnsansvar og tilset lærlingar i ulike fag. Dette er og ein del av rekrutteringa av viktig fagkompetanse i kommunen. Når lærlingane er ferdige med læretida og har klart fagprøven er dei klar for å søkje seg jobb – anten i Luster kommune eller hjå andre arbeidsgjevarar.

## Hittil i 2023 er desse ferdige med læretida og har klart fagprøven i sitt fag:

Anine Sanden Kvåle – dataelektronikk faget (fagprøve desember 2022)

Emma Stegegjerde Uglum – kontor og administrasjonsfaget

Helle Kristin Hillestad – barne- og ungdomsarbeidarfaget

Ailen Norheim Ekrene – barne- og ungdomsarbeidarfaget

Ifrah Abdirahman Abdullahi – helsearbeidarfaget

Kristine Fardal Norheim – helsearbeidarfaget

Mina-Christine Tangerud Ølnes – helsearbeidarfaget

## Desse er underveis i læretida og skal ta fagprøve i løpet av 2024/tidleg 2025:

Martine Goldmann Kvamme – helsearbeidarfaget

Astrid Beddar Ørbeck – helsearbeidarfaget

Marie Sofie Thunes – helsearbeidarfaget

Nahom Weldeab Tekleab – helsearbeidarfaget

Amalie Råum – helsearbeidarfaget

Martine Skjerven – barne -og ungdomsarbeidarfaget

Hilde Joranger – barne- og ungdomsarbeidarfaget

Hans Kristin Midtun Aaberge – barne og-ungdomsarbeidarfaget

I tillegg er det tilsette som tek «Fagbrev gjennom jobb» og andre ordninger - i helsearbeidarfaget, reinhaldarfaget og barne- og ungdomsarbeidarfaget.

## Nye lærlingar frå sommar/hausten 2023:

Mathilde Kristine Aspelund – helsearbeidarfaget

Celine Fardal Norheim – helsearbeidarfaget

Thea Tuften – barne- og ungdomsarbeidarfaget

Linnea Bremer – barne- og ungdomsarbeidarfaget

Joakim Midtbø – barne- og ungdomsarbeidarfaget

Aya Ahmad Alokla – sørvis- og administrasjonsfaget

*Nye læreplassar blir lyste ut i samarbeid med Sogn opplæringskontor etter nyttår.*

# Trainee i Luster kommune

## Kva er ein trainee?

Trainee er eit begrep som ofte blir brukt om ein nyutdanna person med høgare utdanning som får ein praksisperiode i ei bedrift i ein tidsbestemt periode.

Ein trainee skal i utgangspunktet vere kvalifisert til ein jobb i bedrifta, men vil få veiledning av ein mentor. Dette er en ordning som har blitt meir og meir vanleg.

Direkte oversett frå engelsk betyr trainee; praktikant, lærling eller aspirant, der praktikant er det norske begrepet.



## Andreas Pascual Losnegård

Eg heiter Andreas og er trainee i avdeling for næring og natur i Luster kommune.

Bakgrunnen min er frå Universitetet i Bergen, der eg i juni leverte ei masteroppgåve i administrasjons- og organisasjonsvitenskap. Dette er ei form for statsvitenskap med særleg vekt på byråkratiet i offentleg forvaltning.

I sjølve masteroppgåva min skrev eg om den politiske prosessen i ei plansak omhandlande utbygginga av ein hyttelandsby på Hardangervidda. Her hadde kommunen, offentlege motsegnsmyndigheter og departementet ulike perspektiv på

om denne burde bli bygget og kor omfattande den i så tilfelle burde vera. Bacheloroppgåva mi skreiv eg om kommunesamanslåing i Nordhordland.

Basert på den faglege bakgrunnen min kjenner eg meg svært heldig som får ei moglegheit her i Luster kommune. Det er utruleg interessant å sjå korleis ein kommune fungerer i praksis. Eg håpar og trur også at eg kan bidra med gode perspektiv og innspel basert på bakgrunnen min. Dette spesielt i arbeidsområdet mitt, nærings- og samfunnsutvikling.

Mottakinga i Luster har vore veldig god. Eg er imponert over kor godt arbeidsmiljøet er på rådhuset, og føler at eg har vorte svært godt teke i mot. Frå eit fagleg ståstad får eg tillit og høve til å jobba med spennande oppgåver. Det er også alltid rom for å spørje viss noko er uklart. Dette er eg veldig glad for. Frå eit sosialt perspektiv er eg også svært fornøgd. Dei nye medarbeidarane mine har teke meg i mot med opne armar og er ikkje redd for å leggja til rette for ulike sosiale aktivitetar, både på og utanfor arbeidsplassen.

Eg ser stort fram til resten av traineeåret her i Luster kommune!

## Cristina Grillo

Mitt namn er Cristina Grillo, og eg er ei 26 år gammal kvinne frå Stord som er nyinnflytta til Sogn.

Det var rett og slett moglegheita til å vere trainee i Luster kommune som lokka meg langt heimanfrå. Ikkje berre får eg teste ut planfaget, men eg får også oppleve alt det regionen har å by på av natur og mat.

Av fag så er eg nett ferdig utdanna byplanleggjar ved Universitetet i Stavanger, men har samfunnsplanlegging frå Universitetet i Agder i botn. Så de treng ikkje frykta for at bygda dykkar skal bli storby med det første.

Mi rolle i Luster kommune blir som trainee i planavdelinga, kor eg vil ta del i ulikt planarbeid. Så langt har læringskurva vært bratt, men med gode kollegaer både i avdelinga, og på rådhuset generelt så føler eg meg godt rusta og velkommen!

Eg er glad for at eg vågde å satse på ein jobb i distrikts-Norge, og traineeprogrammet gjer det heile litt mindre skummelt.



Første kommunale samling for nyutdanna lærarar i skulen 2023/24. Frå venstre: Knut Åge Teigen (kommunalsjef oppvekst), samarbeidspartner og kurshaldar Dorthea Sekkingstad (HVL), Silje Kabbe (Luster ungdomsskule), Jone Frækaland Fylling (Solvorn), Helga Sie (Luster ungdomsskule), Sondre Øvrebust Høiseth (Hafslo), Sanne Krogh Furuset (Gaupne) og Jenni Ruud (Gaupne). Tina Skagen Samnøy (Luster oppvekstsenter), Eilin Skorpen (Gaupne), Marthe Kveane (Veitastrond) og Aurora Lund Iversen (Hafslo) var forhindra frå å møta denne gongen.

## Satsing på nyutdanna lærarar i barnehage og skule

Luster har gjennom mange år hatt eige kommunalt nettverk for nyutdanna lærarar i skulen, lenge som einaste kommunen i Sogn. I fjar var det også nok nyutdanna lærarar i barnehage til at det vert etablert nettverk også for barnehage. Nettverka saman med rettleiing ute på einingane skal bidra til å stø opp om dei nyutdanna med tanke på at dei er ferske i yrket.

### Regionalt nettverk for første gong

Nytt av året er at det kommunale nettverket for nyutdanna vert supplert med eit regionalt nettverk med utgangspunkt i eit samarbeid mellom HVL og kompetanseregion Sogn.

Målgruppa er ca 50 pedagogar i Sogn som vart utdanna sommaren 2022 eller 2023. Det er planlagt tre datoar i det regionale nettverket inneverande barnehage- og skuleår der den eine



Frå venstre: Therese Hatlevoll Leirdal (ass.styrar Gaupne), Frida Moldestad Olset (Hafslo), Ine Midtkandal (Hafslo), Emma Agdal (Gamlestova) og Janne Melheim (Gamlestova), Oddbjørg Ese (rådgjevar Oppvekst). I tillegg er også Anja Hagen Orrestad (Indre Hafslo) og Kathrine England Myklebust (Skjolden) del av nettverket.

datoen er ei samling ved HVL for dei nyutdanna og sisteårs studentar på barnehagelærarutdanninga og lærarutdanninga ved HVL i Sogndal. Dette nettverket er del av satsinga «Ny som lærar på Vestlandet» der HVL har fått statlege midlar til prosjektet.

#### Statleg tilskot

Kommunar har høve til å søkje Utdanningsdirektoratet om midlar for rettleiing av nyutdanna lærarar i skulen. Diverre er det ikkje ei liknande ordning for barnehagesektoren. I år er det rekordmange – 10 – nyutdanna lærarar i Lustraskulen. Definisjonen på ein nyutdanna lærar er i denne samanhengen ein lærar som var ferdig utdanna anten i fjor eller i år. I Lustrabarnehagen er det i år seks nyutdanna barnehagelærarar.

#### Relevante tema

På dei kommunale samlingane er det gjerne nokre faste tema som går igjen. For skule er det til dømes klasseleiing, heim-skule-samarbeid, tilpassa opplæring og spesialundervisning, vurdering, «den gode timen», praktiske utfordringar og case. For barnehage har tema vore vaksenrolla, å vera (pedagogisk) leiar, heim-barnehage-samarbeid. Også her er case og praktiske utfordringar noko som dei nyutdanna set pris på å diskutera.

I årets første samling for nyutdanna barnehagelærarar stod personalsamarbeid på dagsorden. Erfaringsmessig er det også veldig nyttig når lokale krefter bidreg inn i nettverka. Denne gongen deltok assisterande styrar Therese Hatlevoll Leirdal og gjorde greie for Gaupne barnehage sitt samarbeid med NAV ikking programmet «Ein bra dag på jobb» og korleis barnehagen har arbeidt med dette i etterkant.

Dei nyutdanna barnehage-lærarane Ine og Frida hadde følgjande kommentar etter den første nyutdannasamlinga: «Som nyutdanna barnehagelærarar i Luster kommune kunne me ikkje ha bede om ein betre velkomst. Me har vorte tekne godt imot, og stortrivst i jobben vår!»



Ingeborg Røysum Langeteig. Foto: Ørjan Talle.

# Praksisstudent hjå løn og personal

Eg heiter Ingeborg Røysum Langeteig og studera organisasjon og leiing ved høgskulen i Innlandet avd. Lillehammer. I sju veker har eg vore i praksis hjå løn og personal i Luster kommune. Som sisteårs student på bachelorprogrammet fekk eg moglegheit til å prøve meg i praksis. Eg er opprinnleg frå Leikanger, so praksis i Sogn var det eg hadde lyst til. Denne moglegheita måtte eg berre nytte.

Då Margunn ga meg tilbod om praksisplass hjå Luster kommune var dette valet ikkje vanskeleg. I praksis har eg lært mykje, både om kommunen samt koplinga mellom teori og praksis. Tilsette har teke meg godt i mot og praksisperioden har vore over all forventing. Å vere praksisstudent er svært lærerikt, noko eg vil anbefala til alle som får moglegheita.

#### Margunn:

Ingeborg har vore praksisstudent ved løn og personal i 7 veker. Ho studerar organisasjon og leiing ved Lillehammer høgskule siste året. Praksisen hjå oss har vore ei udeltn positiv

oppleveling. Vi har opplevd dette som ei læring begge vegar og ein viktig arena i rekrutteringsarbeidet. Takk for fine 7 veker og håpar du har fått litt påfyll til teorien. Lukke til vidare!



*Ein stor og fin gjeng med  
førsteklassingar ved Luster  
oppvekstsenter saman med  
kontaktlærar Håvard Vinda.*

## Gledelege elevtal for Lustraskulen

Inneverande skuleår går det 40 fleire elevar i Lustraskulen enn til same tid i fjor. Det er ein uvanleg stor oppgang og skuldast eit rekordstort 1. klasse-kull, innanlands tilflytting og mange flyktningar, særleg frå Ukraina.

Etter fleire år med gradvis nedgang i tal elevar i Lustraskulen, er eit slikt byks sær positivt. I regional samanheng er ein så stor elevauke ganske unik. Det er berre Sogndal av nabokommunane som kan vise til såpass stor auke i elevtalet.

### Rekordmange førsteklassingar

I fjor var det 59 førsteklassingar i Luster. Dette skuleåret er det rekordmange 84 elevar i første klasse. Det aller flest og størst auke førsteklassingar i krinsane Gaupne, Hafslo, Luster og Indre Hafslo.

Det er over 20 år sidan sist det var meir enn 80 førsteklassingar i Luster. Skuleåret 2002/03, dvs. årskullet fødd i 1996, var det 87 førsteklassingar. Rekorden tilhøyrer årskullet som byrja grunnskulen i 1997, det første året førsteklassingane var 6 år når dei byrja. Årskullet som var fødd i 1992 var heile 92 elevar.

Samanlikna med elevtalet i fjor er det Hafslo barne- og ungdomsskule som har størst vekst i tal elevar. På Hafslo er det i år 20 fleire elevar enn i fjor haust. Det er faktisk auke i elevtalet på seks av ni skular i Luster inneverande skuleår. På dei skulane som ikkje har auke, er det snakk om ein mindre nedgang.

### Bremse nedgangen

Skuleåret 2006/07 var det 702 elevar i Lustraskulen. Sidan har det gått gradvis nedover til det lågaste elevtalet per no – 625 elevar – førre skuleår. Den enorme oppgangen i elevtalet i år medverkar sterkt til å bremse den statistiske hovudtrenden; at elevtalet i Lustraskulen gradvis går ned. Det store spørsmålet er når det vert

færre enn 600 elevar i Lustraskulen. Her er fleire usikre faktorar som avgjer utviklinga; fødselstalet dei neste åra (dei siste åra har Luster ligge litt over Statistisk sentralbyrå si folketalsframskriving), tilflytting, fråflytting og tal flyktningar

Basert på noverande barnetal vil Lustraskulen kome under 600 elevar tidlegast i 2030, mest truleg noko seinare.

Neste skuleår oppstår eit lite paradoks ved at det samla elevtalet sannsynlegvis går ein del ned, men det vert likevel fleire klassar totalt i Lustraskulen. Dette har med endringar i dei ulike krinsane å gjera. Jostedal går frå todelt skule – det vil seie to klassar – til tredelt skule og tre klassar i 2024/25. Indre Hafslo skule går frå tredelt til firedelt skule. På Hafslo ligg det an til å bli 30 elevar i 8. trinn neste skuleår, heilt på grensa til klassedeling. Ved Luster ungdomsskule er 8. trinn neste år akkurat over grensa, så der teiknar det til å bli to klassar på trinnet – slik normalen dei siste åra har vore på denne skulen. Skjolden fortset med å vera tredelt også neste skuleår.

### Stor auke i SFO


Også i SFO er det rekordmange barn. Det skuldast først og fremst den nasjonale ordninga med gratis kjernetid i SFO for elevar på 1. trinn og 2. trinn. Mest alle elevar på 1. og 2. trinn har no SFO. I 2021/22 var det 111 barn på 1.-4. trinn i SFO. Inneverande år er det 191 barn, ein auke på 70 % på to år. Både på Hafslo og i Gaupne er det no rundt 60 barn, nesten dobbelt så mange som for to år sidan.

Ordninga med gratis kjernetid har også medført at det no vert gjeve eit SFO-tilbod på Veitastrond for første gong.

Den store auken med barn i SFO inneber også eit behov for langt fleire tilsette i SFO og meir administrasjon, då særleg i Gaupne og på Hafslo. Ved begge desse einingane er det frå i haust difor innført ein ny stillingsfunksjon som SFO-koordinator.

Det har vore eit stort spørsmål om regjeringa ville foreslå å utvida ordninga med gratis kjernetid også til 3. trinn frå og med hausten 2024, men det har regjeringa per no ikkje lagt opp til.

Skuleåret 2023/24	Elevar
Hafslo barne- og ungdomsskule	230
Gaupne skule	135
Luster ungdomsskule	122
Indre Hafslo oppvekstsenter	45
Luster oppvekstsenter	43
Skjolden oppvekstsenter	31
Jostedal oppvekstsenter	25
Solvorn oppvekstsenter	17
Veitastrond skule	17
<b>SUM</b>	<b>665</b>





Ein fornøgd gjeng på tur.



Vi vandrar saman mot skulestart.



Landart, flott kunst i naturen.

## Barnehagane på Hafslo vandrar i lag mot skulestart

**Overgang frå barnehage til skule er kanskje den største overgangen i livet til eit barn. Barnehagen skal legge til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskapar og ferdigheiter som kan gje dei eit godt grunnlag og motivasjon for å byrje på skulen. Dei to barnehagane og skulen på Hafslo samarbeider godt om å gjere denne overgangen god for alle.**

Som eit ledd i samarbeidet mellom førskulegruppene i Hafslo- og Gamlestova barnehage valgte vi i år og ha to felles utedagar i Moane

Lunsj i strålende sol.



i månadsskifte august/september. Førskulegruppa på Hafslo dette året er svært liten og vi ser det som veldig viktig å ha eit tett samarbeid mellom barnehagane siste året før skulestart. Gjennom leik og aktivitet har vi fokus på inkludering og samarbeid på tvers av barnehagane for å utvikle venskap og fellesskap.

Barna vart levert og henta av føresette i klubbhuset der vi opna kl 7:15 og stengde døra kl 16:30. Vi flytta ut av barnehageane våre i to dagar. Klubbhuset passar godt til

å vere barnehage eit par dagar for dei eldste barna, vi har garderobe, toalett og litt plass til noko inneaktivitet. Likevel, det meste av tida var vi sjølvsgått ute!

Vi hadde lagt opp til ulike aktivitetar knytt til leik, natur, og friluftsliv. Vi hadde samlande ring- og regelleikar, gjekk på tur i skogen, og samla materiell til land-art. På dag to gjekk vi ein fin tur til Tubba, i strålande solskinn. Der hadde vi måltid og kvilestund i skogen, før vi delte oss i grupper og hadde turbingo på vegen tilbake.

Der var to flotte dagar i Moane, vi såg at nye vennskapsbånd vart knytta, og det har vore eit godt utgangspunkt for det vidare samarbeidet vårt i tida fram til skulestart. Vi skal besøke kvarandre, møtast til leik og aktivitet i gymsal, gå på tur og møtes på skulen.

Gamlestova- og Hafslo barnehage rettar ei stor takk til Hafslo idrettslag for at me får låne anlegget deira! Vi kjem gjerne att!



## Solvorn oppvekstsenter: **Naturen som læringsarena**

I Solvorn prøver me å bruka naturen som opplæringsarena så mykje som mogleg. Me har uteskule på den flotte uteplassen vår på Berget, berre ein liten gåtur frå oppvekstsenteret. Der er det gapahuk med benker i, slik at ein har tak over hovudet om det trengst, og det er kjekt å eta maten sin der. Med Lustrafjorden like ved, får elevane bada i fjorden både vår og haust. Læring gjennom leik og aktivitet finn stad både på Berget og

i stranda, i tillegg til området vårt rundt skulen med både småhus og grindaverk.

I haust har me vore på Urnes og sett på stavkyrkja der. Elevane fekk høyra historia til kyrkja og korleis den blei til. Dette er eit samarbeid mellom Verdsarven Urnes, Jostedalsbreen og Breheimen nasjonalpark og Fortidsminneforeininga – verdsarv og naturvern. Me såg også på skjøtselsprosjektet basert på ein

plan for kulturlandskapet kring kyrkja, kalla «Urneshagen». Dette er eit samarbeid mellom Verdsarven Urnes og Fortidsminneforeininga, der ein blant anna ynskjer å retta fokus på blomsterenga og korleis ivareta det biologiske mangfaldet.

I den samanheng har me saman med Verdsarven Urnes søkt Botanisk foreining, som har eit opplegg for elevar kalla «Barnas blomstereng», om å få vera med på det. Me fekk positiv tilbakemelding og har dermed laga vår eiga blomstereng. Elevane fekk ein heil dag til å klargjera bakken til såing, og det vart sådd både i bakken og i pallekassar. Etter ca to veker såg me det begynte å spira i kassane.

Det blir spennande å fylgja livet i blomsterenga vidare, og her vil elevane få med seg mykje lærdom når det gjeld skjøtselarbeid og biologisk mangfold. Det har også vore kjekt å samarbeida med fagfolk utanfrå, Åslaug (verdsarven) og Morten (skjøtselmedarbeidar Urnes), og me ser fram til vidare samarbeid med dei.

I haust har me også hausta Gravensteinsepla våre. Me har to store gamle epletre på uteområdet. Elevane skal få følgja prosessen frå plukking til ferdig produkt, som skal produserast på epledagen 17. oktober. Kanskje det kan bli sal av produkt, og då er planen at overskotet skal gå til eit godt føremål i samband med FN-dagen 24. oktober.

Snart kjem vinteren, og då vert det uteaktivitetar tilpassa den kvite årstida.





## Veitastrond oppvekstsenter: Me lagar grønsakhage

Våren 2023 starta Veitastrond oppvekstsenter på «Prosjekt Grønsakhage», i samarbeid med Jørn Erik Kolding. Tanken var i utgangspunktet ein liten hage, der me kunne dyrka grønsaker som oppvekstsenteret kunne nytta seg av i matlagning og eta på i friminutta. Men kvifor gjera det lite, når ein kan gå større?

Med god hjelp frå lokale fekk me pløya jord, så den vart klar til at skulen og barnehagen kunne arbeida med jorda. I tillegg fekk me møk, som vart nytta som naturleg gjødsel, og såpoteter. På førehand hadde me så smått byrja å dyrka tomatplantar, paprikaplantar,

maisplantar og gulrøter inne, og når jorda ute var godt bearbeida, sette me dei ut. Me sådde òg ei rekke frø direkte i jorda, som til dømes sukkererter, graslauk, persille og ulike salatar. Sidan det var første året med grønsakhage, hadde me ikkje dei største forventingane. Det var fleire grønsaker me tenkte kom til å døy, på grunn av klimasona Veitastrond ligg i. Men som det vaks i hagen! Kven skulle tru ein kunne få mais på Veitastrond? Og neste år veit me kva tiltak me kan prøva ut, for å kanskje få endå fleire typar grønsaker. Blomkålen likte blant anna ikkje å vera under fiberduk så lenge, då det vart for fuktig. Og tomat- og paprikaplantane treng drivhus for å trivast betre. Gjett kva me skal laga i kunst og handverk! Drivhus vel!

Som lærar er ein av og til usikker på kor mykje elevane sit att med når ein driv med slike prosjekt. I dette tilfellet har kunnskapsutbyttet vore enormt. Me har blant anna lært om kor

viktig næring er for at plantane og grønsakene skal vokse, kor viktig makken er i nedbrytingsfasen og omgjeringa til næring, dei har lagd sin eigen organiske gjødsel av brennesler og hausta frø frå solsikker. Me såg òg at i løpet av sommaren var det fleire som hadde forsynt seg av vekstane, blant anna nokon kålormar. Dette var noko 5.-7. klasse tok med seg inn i undervisinga, og hadde fokus på i haust.

Så kva har me brukt den første avlinga til? Først og fremst har me brukt det til å tilby grønsaker i friminutta, til elevane si store glede. Når dei vart spurde om kva som har vore kjekkast med grønsakhagen, svara alle å få grønsaker på skulen. Det er kjekt å kunne gje elevane dette tilbodet, og alle har vore flinke til å smaka på grønsakene, sjølv om dei av og til har vore skeptiske på førehand. Spesielt populært har spisskål og brokkoli vore. Neste år håpar me å få prøva ut endå fleire grønsaker.





# Indre Hafslo oppvekstsenter

Indre Hafslo oppvekstsenter vert utvida slik at barnehagen kan bli godkjend for 2 x 24 barn og skulen går frå tredelt til firdelt hausten 2024. Bygga vert bygga saman slik at samhandling og arbeidsforhold får betra forhold.

Skulen vil no få fire tilrettelagde klasserom og eit allrom der SFO får betra forhold samt ny garderober og personal avdeling. Barnehagen frå eit godt løft innvendig med

noko utvida areal og forbetra vognrom. I byggeperioden vil Ljosvang ungdomshus fungere som midlertidige lokale for deler av skulen og personalet, barnehagen vert i løpet av hausten flytta inn i deler av skulebygget.

Totalentreprenør Nordbohus Sogn as starta arbeidet i haustferieveka 2023 og foreløpig ferdigstilling er sett haust 2024.



Skjolden –  
oppvekstsenteret i  
enden av fjorden:

# «Rom for alle, blikk for den enkelte»



Ikkje sidan 2016/2017 har det vore så mange elevar/barn ved Skjolden oppvekstsenter som det er no. Inst i verdas lengste fjord ligg det ein skule og ein barnehage med flott utsyn utover den flotte Lustrafjorden. Dei siste åra har det vore prega av nedgang i barnetal, men i haust har barnetal og elev-tal auka. Det same gjeld tal tilsette.

Det er ei gladsak at me no var ein stor og fin gjeng av barn, elevar

og tilsette som sto ved flaggstanga ved skulestart, og til liks med dei andre skulane og barnehagane i kommunen er klare til eit nytt innhaldsrikt år.

Me er stolte av å ha ei god og blanda personalgruppe, som består av både erfarte tilsette, men òg nyutdanna tilsette. Både innan pedagogyrket og fagarbeidaryrket.

SFO har òg auka i tal barn, slik andre SFO`ar har, grunna tilbodet om gratis 12-timar i SFO. Dette gjer òg at me treng fleire tilsette.

I barnehagen er Ailen N. Ekrene komen inn som fast fagarbeidar. Ailen er nyutdanna fagarbeidar og har hatt læretida si i Gaupne barnehage. Ho kjem altså frå ein stor barnehage, til vesle Skjolden. Kva tenkjer du om det, Ailen?

Ailen og Kathrine.

*Veldig kjekt å prøve noko anna da det er ganske stor forskjell på stor og liten barnehage. Eg syns det er lettare å komme nærmare ungane da det er mindre ungar på ein plass, seier ho, og hjelper ei lita jente med puslespelet som var litt vanskeleg.*

Kathrine England Myklebust er òg nyutdanna. Ho kjem rett frå skulebenken på HVL, som barnehagelærar, til Skjolden.

Kathrine kjem frå Bergen, men har slekt frå Kroken, og ho hadde lyst innover fjorden for å jobbe nær der familerøtene hennas kjem frå. Korleis har oppstarten gått i barnehagen innst i Lustrafjorden?

*Det har vært veldig kjekt å få begynne i jobb på en så fin plass. Det har vært fint og spennende og begynne helt innerst i Lustrafjorden,*





Hans Frederik.

*seier ho der ho eigentleg er i full fart i gymsalen på Fjordstova, saman med ei gruppe barn.*

På skulen har Gøril kome tilbake til Skjolden etter nokre år ved Luster ungdomsskule. Gøril jobba ved Skjolden oppvekstsenter for nokre år sidan, og ho uttrykkjer at det er kjekt å vera tilbake.

*"Å vera kontaktlærar igjen er veldig kjekt, samt at eg trivs godt saman med gode kollegaer"*

Hans Frederik Bjarkøy er ein itingeniør frå Fjaler, men no busett i Kroken der han driv eplegard. I tillegg så jobbar han no noko ved oppvekstsenteret. Både på skulen, men òg i SFO. Kva tenkjer du om det Hans Frederik?

*Det er fantastisk å kunne komme til en så fin arbeidsplass når man bur langt ute på bygda slik som eg gjer. Arbeidslivet har tatt meg mange fine plasser dei siste 10 åra, men Skjolden må absolutt være noko av det finaste!*

*I tillegg er det veldig fint å ha fjord og fjell så nærmee. Eg er kanskje litt over snittet glad i å stå på ski - så eg gleder meg veldig til vintersesongen. Det er et veldig privilegium å mange av råeste fjell tilgjengelig 15min fra jobb. Eg gjør det mulig å stå på ski ofte - både før og etter jobb!*

Vilma Voroblevaite er spesialpedagog frå Litauen, og har jobba som pedagog ved Sogndal vgs og

ved flyktingtenesta i Luster, og no er ho òg komen inn i enden av fjorden for å jobbe i skulen og på SFO. Om jobben her uttrykker Vilma:

*Eg er heldige som fekk jobben på skulen! På kort tid blei eg kjent med alle dei nysgjerrige elevane og dyktige kollegaer. Kvar dag på skolen er ein helt unik dag!*

I år har me fokus på gardsliv og mykje praktisk undervisning, saman med foreldre/gardbrukarar, for å lære borna om livet rundt oss. Skjolden oppvekstsenter, avd skule, er ein av pilotane på faget "Folkehelse og livsmeistring som eige fag på timeplanen", og med endå fleire dyktige tilsette vonar me at dette blir eit innhaldsrik, energigjenvande og inspirerande år for nye og "gamle" born/elevar, og nye og "gamle" tilsette.

Inst i verdas lengste fjord seier me; *"Rom til alle, blikk for den enkelte".*





Leik i Grindane.

## SFO ved Gaupne skule

SFO står for *SkuleFritidsOrdning* og er eit tilbod til alle barn frå 1-4 klasse, før og etter skuletid. Dette skuleåret er det 55 barn som nyttar seg av SFO ved Gaupne skule i løpet av veka. Nokre på morgonen, andre både morgen og ettermiddag eller berre på ettermiddagen.

Regjeringa innførte i 2022 12 timer gratis SFO for elevar i 1. klasse, og vidareførte dette for skuleåret 2023-2024. No gjeld tilboden også for elevar i 2. klasse. Dette har ført til at dei aller fleste

barna på desse trinna nyttar seg av tilboden.

I dag er mykje av kvardagen til barna organisert etter tidspunkt og aktivitetar. SFO er kanskje den einaste plassen der leik, fritid og «fri» utfalding blir vektlagt. Me ynskjer at SFO skal opplevast som eit pusterom der det er lov å gjere kva ein vil, utan å bli styrt av pedagogisk og systematisk læring. Dei barna som går på SFO, har vore på skulen ein heil dag, dei har lært, lystra og mest truleg kjent på

kribling og uro i kroppen, og glede seg til at siste time skal vera over. Dei er då akkurat ferdige med sin arbeidsdag. Alle barn har ulike behov, nokre barn treng å bolstre seg ute, nokre vil halde på med rolege og kreative aktivitetar, nokre vil høre på musikk og danse eller berre slappe av, og nokre ynskjer å synke ned i ein sofa med ei god bok. På SFO skal det vere rom for alle.

SFO skal gje barna omsorg og tilsyn. Me skal legge til rette



Inneaktivitet.



Klargjering av vaffelrøre.



Leik i idrettshallen.



Påskeskitur i Engjadalen.



Fysisk aktivitet med Ingrid.

for leik, kultur og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i barnas alder, funksjonsnivå og interesser.

På SFO skal barna ha tid og rom til leik kvar dag. Leik stimulerer til utvikling av vennskap, språkutvikling, undring og kreativitet.

På SFO skal barna få delta i forskjellige kunstnariske og kulturelle aktivitetar, som musikk, dans, drama og anna skapande aktivitet. Ungane på SFO får delta i ulike formingsaktivitetar – t.d. stikking, vefing, julepynt og påskepynt. I vår var Arne og Eldbjørg Fossøy på besøk og lærte oss gammaldans. Det tykte barna var utruleg kjekt.

På SFO skal me leggje til rette for at barna får delta i variert bevegelsesleik og fysisk aktivitet

som bidreg til aktivitetslyst og bevegelsesglede, og som stimulerer den motoriske utviklinga. Me nyttar oss mykje av uteplassen på skulen (klatrepark og kunstgrasbana), gymsalen, idrettshallen. Og ved fleire høve har me hatt besøk av Ingrid Mork Nygård som tilbyr leikbaserd aktivitet med fokus på bevegelsesglede.

Ingrid har også hatt nokre økter med yoga for SFO barna i mindre grupper. Yoga for barn handlar om å ha det moro, halde fokus, og øve på å late kroppen få slappe av.

Mat og måltid på SFO skal leggjast til rette slik at barna utviklar matglede, felleskapskjensle og gode helsevanar. Barna får frukt kvar ettermiddag. No i haust har me kjøpt frukt og grønsaker som er å få tak i her i nærliken – t.d. eple

og gulrøter. Ein dag i veka blir det servert anna mat. Det kan t.d. vere grove vaflar/rundstykke.

SFO er ope for alle i 1.- 4. klasse i skulen sine feriar. I feriane har også barn frå Indre Hafslo, Luster, Skjolden og Jostedal tilbod om plass hjå oss. Tilboden i feriane er eit heildagstilbod. Det fører til at personalet har moglegheit til å planlegge og gjennomføre aktivitetar som krev meir tid. På SFO i Gaupne har me i feriane t.d vore på bading i Lustrabadet, gått turar i nærmiljøet, jobba med Lego Education, vore i idrettshallen, vore på skitur i Engjadalen, laga vafler, smoothie og lapskaus. Dette er berre noko av det me driv på med. Det er kjekt å kunne gje dei barna som nyttar seg av ferie-SFO gode og innholdsrike dagar.



Lego Education.



*Det nye naustet med tilrettelagt og flott uteområde.*

# Hafslvatnet – ein god nabó for Hafslø skule



*Elevar på mellomtrinnet på fiske.*

Rett ved det idylliske Hafslvatnet held me til. Der årstidene har sin sjarm, uansett ver. Me brukar Hafslvatnet til uteaktivitet både vår, sommar, haust og vinter. Då er

me ute uansett ver og elevane våre får gjennom skuletida si prøve ulike aktivitetar til alle årstider.

Det nye naustet og brygga har lagt til rette for endå meir



*Den kalde fine tida. Kroppsøving på timeplanen.*

bruk av Hafslovatnet. Naustet er funksjonelt og blir brukt til å lagre og vedlikehalde utstyr me nyttar i friluftsliv.

Elevane våre padlar kano, ror, fiskar og sym. Om vinteren går me på ski, står på skøyter, spelar ishockey og ungdomsskulelevane har til og med fått prøve seg på isbadning. Tøffe elevar!

I tillegg har me livredning og ute-symjing og ferdsel langs vatnet går føre seg heile skuleåret.

Me har utarbeida ein plan for alle årstrinna, slik at alle elevane vil få tilbod i løpet av skuletida si på Hafslo barne og ungdomsskule. Dei minste elevane i 1.-3. klasse lærer å ferdast ved vatnet. Medan elevane våre i 4.-10. klasse får opplæring i å ferdast i og på vatnet.

I det nye naustet har me eit greitt utstyrslager med våtdrakter, skiuutstyr, skøyter og kanoar. Ein kajakk har me og kjøpt inn. Alt dette gjev oss moglegheita til å bruke vatnet mykje. Dette set elevane stor pris på.

Uteaktivitetar og naturferdsel som me har på timeplanen gjev grunnlag for blant anna naturglede, respekt for naturen og miljøbevisstheit. Men like viktig er samarbeidet og læringsfellesskapet elevane opplever. Dette er noko me er veldig stolte av ved skulen vår.



Modige elevar som isbadar.



Ein av mange klassar som har fått kanoopplæring i haust.



Heimatte til skulen etter ein fin skitur på Holmen.



*Carlos Gargate / Portugal: hele gjengen foran skulebygget saman med rektor Maria da Graca Dinis Carvalha.*



*Rektor Guro Bottolfs Thalerud, Flå barne- og ungdomsskule og rektor Eli Hansen Moen, Luster oppvekstsenter.*

Luster oppvekstsenter:

## **Studietur til inspirasjon, glede og samhald**

**I 2012 vart Luster barnehage og Dale skule slått saman til Luster oppvekstsenter. Me har sidan 2016 jobba dugnad i fleire prosjekt for å få til ein felles studietur. Ein grytidleg morgon i november skulle turen endeleg bli noko av. 17 oppglødde lærarar, fagarbeidrarar, assistentar og reinhalar la av garde i lett snödriv over fjellet med kurs mot Hallingdal og deretter Portugal for å finne inspirasjon, glede og samhald.**

### **Hallingdal**

Me vart godt mottekte av skule- og barnehagesektoren i Flå kommune. Flå kommunale Barnehage har nyleg auka opp til 4 avdelingar med plass til inntil 90 barn, og held til i nye og flotte lokale tett ved sentrum. Dei har felles grovgarderobe for alle barna, eigne tørkerom samt eit stort og flott kjøken med matlaging 2 gonger i veka og matpakke 3 dagar i veka. Dei har ekstra fokus på språkopplæring, gjerne under matlaging, og dei lagar ofte bålmat.

Utearealet er relativt stort med nær tilgang til idrettsbane og lysløype, og dei har «utedo» i kjellaren der ein kan skifte bleier eller gå på do utan å ta av seg skoa. Kjempeflott!

Flå barne- og ungdomsskule er ein 1-10 skule midt i sentrum med 10,7 elevar i snitt pr.trinn og 17 ulike nasjonalitetar. I fjor kom det førti nye elevar frå Ukraina over natta, no er det att fem. Dei har «reine» aldersklassar, men samarbeider med andre trinn i praktiske-estetiske fag og orienteringsfag. Kommunen valde



*Flå barnehage: stort kjøken der barna kan vere med og lage mat.*



*Flå barne- og ungdomsskule: besøk frå tilsette ved Luster oppvekstsenter avd. skule.*



Rektor Maria da Graca Dinis Carvalha viser oss rundt på skulen sin.



Carlos Gargate: veggkunst etter STEAM-prosjekt med m.a. Hafslo barne- og ungdomsskule.

å pusse opp framfor å byggje nytt, og skulen er litt som ein «labyrint»; mange hus, mange trapper og lange avstandar. Lærarane har nyoppussa arbeidskontor med m.a. hev- og senk bord i ope kontorlandskap, men i to ulike bygg. Dei har direkte tilgang til idrettshall, symjehall og kulturhall, men dei ønskjer seg nokre fleire leikeapparat ute. Dei har eit tett samarbeid med barnehagen.

Gjennom «Røre»-midlar har dei eigen kokk som lagar gratis frukost til alle elevar på 5.-10. trinn kvar dag kl. 08.00-08.30. Det tykkjer rektor Guro fungerer godt! I alle trinn er trygge rammer i fokus og dei har ofte stasjonsundervisning. Undervisningsøktene er på 60 minuttar eller 90 minuttar, og 1.-4. trinn har kortare dag tre gonger i veka. På måndagar har dei «uteskule» som dei kallar for natur- og samfunnsskule.

Det interkommunale PPT er inne med to personar som har systembasert oppfølging av heile trinn; klasseleiing, skikk og bruk, stå på rad, korleis og kvar me møter elevar mm, og dei kan ha intensiv veke der PPT er på skulen 2 timer kvar dag. Hallingdal PPT har kontor på Gol og kan komme på kort varsel. Spennande!

## Portugal

I forstaden Almada utanfor Lisboa besøkte me klyngeskulen Escola Carlos Gargate. Skulen er frå 1993

og har gittergjerde slik at ein treng nøkkel for å komme seg inn og ut. Dei har 1350 elevar frå 4 til 16 år, og talet aukar stadig. Etter koronaen er det stor pågang av folk som vil ut frå storbyen. Elevane må derfor ha skule på skift; kl. 9-13.30 eller kl. 13.30-18. Dei eldste har også nokre doble skift.

Me la spesielt merkje til dei tette relasjonane mellom elevar og tilsette (klemmane sit lett), og elevane viser stor respekt for dei vaksne. Dei har ofte 24-30 elevar pr. lærar, men i nokre klassar kan det vere fleire pedagogar inne. Det er (til vår overrasking) særstilte, men også særstilte utfordrande å bevege seg rundt i dei overfylte klasseromma. Det er ikkje krav til ventilasjon i skulen, men dei kan opne vindauge ved behov. Utanfor klasseromma sit det ein voksen som kan hjelpe elevar som treng noko; eit plaster, bok, blyant, gym.klé mm. Viss eleven manglar utstyr, kan det kjøpast i ein «mini-butikk» på skulen ved å bruke eit kredittkort som foreldra set inn pengar på. I kantina har dei mykje fokus på mat og særleg grønsaker, men i kantine-kiosken kan dei også kjøpe seg kaker og is.

Skulen er open for elevar så lenge føresette hadde behov for det. Dei har femåringar som kjem kl. 07.30 og blir henta kl. 19.00 kvar dag. Skulelassen har nokre få leikeapparat, idrettsbane, nokre sitjegrupper samt mykje solskjerming. Dei har ofte uteskule

på den nydelege sandstranda som ligg 3 km unna.

Me fekk også litt tid til kulturelle opplevelser som finkorna sandstrand i Almada, dekorerte katedralar, Belemtårnet, den fantastisk gode vaniljesauspauen Pastel de Nata, Trikk 28 og borga Sao Jorges i gamlebyen Alfama. Portugal og Norge diskar opp med mykje god mat og fine folk som har gitt mange gode opplevelsar, djupe inntrykk, glede og samhald på dei fire dagane me var på tur. Og nokre ønskjer seg allereie ein ny tur! Får håpe det ikkje går 11 år til neste gong



Almada; strandbesøk til Fonte da Telha. Lusteringar må teste badetemperaturen!



# 12 ÅR MED IVAR

Ordførar i Luster kommune 2011-2023



## Opninga av Lustrabadet

Ivar Kvalen opnar Lustrabadet i 2012, her i lag med ordførarane Jan Geir Solheim, Noralv Distad og Jarle Årvoll



**Ein av mange  
100-åringar Ivar har  
gjort stas på.**

Her med Inger Galde.



## Ivar vart årets Lustring 2023

Ivar Kvalen vart utnemt til årets Lustring 2023 og nemnd for kåringa av Årets Lustring var samrøystes.

*"Ivar er rett og slett ein likandes kar!"*



## Dronning Sonja opna Tungestølen turisthytte

Dronning Sonja fekk æra av å klappe snora under den høgtidelege opninga på Tungestølen september 2019.



**Lustrabui  
-Årets bedrift 2016**



**Grunnlovsjubileum  
i Oslo 2014**



**Vigsle  
på Molden**



**Starta tunellarbeid  
Veitastrondsvagen 2014**



2011: Ivar overtok ordførarkjeda etter Torodd Urnes



2018: Åpning av toalettet på kaien i Svolvær.



2019: Godt samarbeid med Luster Røde Kors.



2021: Vigsle av Petter Sortland og Inger Lise Husetuft.



2019: Stort glis for nye el-bilar i heimatenesta.



2014: Over 1000 likar Luster kommune på Facebook.



2016: Feiring med tilsette som har jobba 40 år på rådhuset



2021: Bergsetdalen med dei tre nasjonalparkstyra



2014: Åpning av Hafslo barnehage



2014: Noregs sterkeste ordførar! Ivar trekker 15 tonn lastebil



2021: På heimekontor under pandemien



2022: Feiring av 50-årsjubilanten på rådhuset



Sp- og Ap-ordførere: Krever rekordsum av sine egne til hundene



2018: Kulturprisen til Einar Bolstad



Mange kaker i ordførarkarrieren



2016: Ivar trødde i gang nytt uteområde på Veitastrond oppvekstsenter



2011: Dagmar herja og ordførar ute i felten.



2015: Opninga av Digital Etikett



2020: Markering av Pride



2023: Ivar overlet ordførarkjeda til Andreas Wollnick Wiese

Ivar Kvalen er sammen med Bente Helene Skildheim Nes  
18. november 2022

Å vera ordførar i Luster er ein variert jobb, ofte veit ein ikkje heilt kva som ventar rundt neste sving. Frå flau i alle elvar til store belår i bassenget. Heldigvis stoppa flusumen 5 cm før det vart skadde på hus og heim. Måndag var eg på styrermet i Jotunheimen nasjonalpark i Valdres og telefonen byrja å ringe i eit staaende tak, eg lurte på om Molden hadde rasa på fjorden, men av alle ting var det nokre kjentisar som hadde båda i Lustrabøet. I tillegg hadde dei tøygd den kommunale (hår)strikkjen vel langt. Etter litt att og fram fekk eg til slutt oversikt på situasjonen og tusla meg lett forvirra innatt i møte.  
Seinare i veka var det fint oppdrag i Jotunheimen nasjonalpark i Valdres.  
Vel vel, somme har drege oppatt badebroki og eg har fått på meg fjasbroki.  
I morgen skin soi og motorsaga ventar.  
God helg alle 😊

# Kvifor bli frivillig?



Gaupne helselag er aktive i lokalsamfunnet.



Lucas og Cecilie er frivillige på Roseklubben.



Aud Kristin og Geir er frivillige på tilrettelagt friluftsliv.



Lise, Thea og Tormod er frivillige på «Kom deg ut dagen».

Frivilligheita er hjørnestinen i fellesskapet vårt. I Luster er dei frivillige organisasjonane og alle dei frivillige viktige for å skape levande lokalsamfunn.

Gjennom det å vere frivillig får folk kunnskap og kan bidra – og mange opplever fellesskap og meistring. Dette er bra for folkehelsa!

Gjennom frivillig arbeid treffer du nye menneske og får utvida omgangskretsen din. Dette er ein fantastisk moglegheit for å få nye venner.

Det å jobbe som frivillig kan gje oppleveling av meistring, stoltheit og identitet, noko som igjen kan skape eit meir positivt syn på eige liv og framtidige mål.

## Studiar viser også at frivillig arbeid har mange viktige helsefordeler.

Det kan auke fysisk aktivitet og ikkje minst redusere stress. I tillegg veit me at frivillig arbeid er viktig for mental helse. Det å vere frivillig motverkar stress, depresjon og angst.

Frivillig arbeid kan vere ein viktig faktor for å bidra til å gi livet ny meining og retning. Ved å vere frivillig får du fokus over på å hjelpe/glede andre personar, noko som reduserer negative tankar og grubling.

Mange kan oppleve at ein blir lukklegare av å vere frivillig!

For dei unge i samfunnet er frivillighet viktig for karriera. Her får du praktisert ferdigheter som er viktige i arbeidslivet, slik som kommunikasjon, samarbeid, problemløysning, planlegging og organisering.

Det er mange fordeler med å vere frivillig – betre mental og fysisk helse, nye venner og unngå einsomhet, oppleveling av å bidra i samfunnet gjev stoltheit og meistring.

**Kunne du tenkje deg å bli frivillig?**  
Her i Luster er det mange lag og organisasjonar som trenger fleire frivillige.

Oppdraga er mange og ulike og me kan heilt sikkert finne noko som kan passa for akkurat deg!

Luster frivilligsentral er ein frittståande organisasjon som ynskjer å vidareutvikle frivillig innsats til glede for alle dei som bur i kommunen.

Ta kontakt med Luster frivilligsentral v/Anita Kjørlaug  
på tlf. 45665954 eller e-post:  
[post@luster.frivilligsentral.no](mailto:post@luster.frivilligsentral.no)

*Sitat frå frivillig  
Aud Kristin Oma:*

## Kvifor er eg frivillig...??

Jau fordi eg er så heldig at eg får vera med som frivillig i Tilrettelagt Friluftsliv – Luster.

Ein kveld i månaden lagar me enkle aktivitetar for dei som treng at det er noko tilrettelagt for å kunne vere litt aktive ute.

Me har en aktivitet og så kosar me oss med bålpanna og kveldsmat før me reiser heim.

Det vesle eg er med å gjera, ser eg gledar dei som kjem, og det gledar meg når dei bli glade. Altså vinn-vinn.

På dette brukar eg kun 3-4 timer pr månad (maks) av mi fritid!

Eg vil med dette slå eit slag for det å vera frivillig. Det gir så mykje meir enn det kostar! Bli frivillig du òg vel!



## Tilrettelagt friluftsliv (FTU Luster)



Tilrettelagt friluftsliv (FTU) er eit tilbod for deg som treng tilrettelegging og oppfølging.

Tilrettelagt friluftsliv er eit samarbeid mellom Norsk Forbund for Utviklingshemma (NFU) Luster 1 lokallag, Luster turlag og Luster frivilligssentral. Målsetjinga er å gje målgruppa gode opplevingar ute i naturen. Deltakarane må ha med følgje/personale.

Frivillige er med og tilrettelegger aktiviteten som føregår 2. onsdag i månaden kl 17:00 – 19:00.



I forkant av kvart arrangement blir det publisert aktivitet og oppmøtestad på NFU Luster lokallag si facebookside og på Friskus. Påmelding til aktivitetane i forkant!



*I juni var det sommaravslutning i Skjolden med rib-båttur.*



## Seniortreff 2024

Seniortreff er eit tilbod for deg som bur heime, både einsleg og par, annakvar torsdag på **Gaupne omsorgssenter**.

Me startar opp att i 2024.

På treffa er det sosialt samvær, underhaldning og balansetrening, samt servering av eit varmt måltid.

### Tidspunkt:

Torsdagar kl 10:00–14:00  
på desse datoane:

- 18. januar
- 01. februar
- 15. februar
- 29. februar
- 14. mars
- 11. april
- 25. april
- 23. mai

Eigenandel kr 150,-  
pr. gong.

### Transport:

Det blir organisert transport for dei som har behov.

### Påmelding:

Påmelding pr. telefon til 57 68 55 00 innan onsdagen før kl 13:00.

*Per Fossøy og Kjell Einar Ormberg på seniortreff.*





DANS™  
UTEN  
GRENSER

# Dans Uten Grenser Luster

Vi er i gang med remotering og kvalifisering av ny instruktørgruppe som vil være klare til å overta danseverkstaden hausten 2024. Dei kvalifiserar seg saman med 25 andre ungdommar frå fem kommunar.



Instruktørgruppa «Passion» har sagt ja til å fortsette to semester til for å halde danseverkstaden i gong, noko vi er svært takknemleg for! Dei er godt i gong med undervisninga og er klare til å ynskje velkommen til elevførestilling på Hafslø 4. desember kl 18:00. Her vil alle elevgruppene vise fram kva dei har jobba med dette semesteret.


«Passion» var sommaren 2023 til Italia med Dans Uten Grenser sitt prosjekt «Italia DC 2023». Der hadde dei saman med totalt 100

ungdommar danseworkshop og lærte koreografi frå Italia's beste koreografer. Prosjektet enda med framsyning i Gatteo Mare med totalt 2500 besøkande i publikum. Med omlag 40 varmegrader og sol heile veka er dette eit prosjekt ungdommane seint vil gløyme!

Dette semesteret har vi i DUG Luster undervisning følgjande plassar:

- Gaupne
- Luster
- Hafslø

Sjå meir info og timeplan for tidspunkt og aldersgrupper på [facebook.com/dansutengrenserluster](https://facebook.com/dansutengrenserluster)



# Er du uroleg for eit barn eller treng du nokon å snakke med?

Kven kan hjelpe meg? Kva finst av hjelp? Kva gjer eg om eg vert bekymra for ein elev på skulen min? Kva gjer eg om eg ser at nabojenta har det vanskeleg? Dette er spørsmål du finn svar på i Sabu-tree (SAMAN om Barn og Unge i Luster) som ligg på heimesida til kommunen.

Det handlar om å sjå, bry seg, vere rause mot kvarandre og våge å spørje naboguten eller nabojenta korleis han/ho har det. Men då må me tole å høre svaret. Kanskje er det nettopp deg, spørsmålet eller smilet ditt som skulle til for å gjere dagen betre. Det skal ikkje så mykje til.

## Kva finn du i Sabu-tree?

I Luster kommune er det mange som kan og vil hjelpe, og det finst gode tenester for barn og unge. I Sabu-tree

er alt samla på ein plass og kan filtrere innhaldet utifra kven du er og kva rolle du har i barn og unge sitt liv.

- ▶ For deg som er under 18 år
- ▶ For deg som er føresett
- ▶ For deg som er ven/trenar/nabo/fritidsleiar eller er frivillig
- ▶ For deg som arbeider med barn og unge
- ▶ Barn som pårørende

## Barneansvarleg i kommunen

Mange barn og unge opplever å vere pårørende i løpet av oppveksten. Det er mange årsaker til at barn er pårørende eller at kvardagen vert vanskeleg. Når noko skjer med foreldre eller sysken vert barna sin kvardag påverka. Me oppmodar alle som er uroleg for eit barn eller ein ungdom som er pårørende til å ta kontakt med kommunen sin barneansvarleg:

### Barneansvarleg ved helsestasjon:

Telefon: 57 68 56 05

E-post:

[barneansvarleg@luster.kommune.no](mailto:barneansvarleg@luster.kommune.no)





Alex Olai på scena på fylkesfinalen i Sogndal.

Ung Kultur Møtest (UKM) er eit arrangement der ungdommar kan dela og sjå på ulike kulturelle bidrag. UKM blir arrangert i mange ulike stader i heile landet. UKM vart arrangert i Sogndal både som lokal mørnstring og fylkesfinale i vår. I lokalmørnstringa var det 9 innslag frå Luster og desse fantastiske bidraga kom vidare til fylkesfinalen: Alex Olai Sjøthun (dans), Marte Eikum (song) Andrea Årøy (song), Lena Stegegjerdet (kunst) og Aleksander Heltne (arrangør). Alex Olai Sjøthun imponerte dommarane og kom dermed også vidare til landsfestivalen i Trondheim. Alex Olai storkoste seg på UKM.

*– Det kjekkaste med å være med på UKM, var å møte nye folk og bli kjent med andre sin kunst.*

*Og å vise alle mitt talent, og min kunst. Landsfinale i Trondheim er ein av dei beste tinga som nokon sinne har skjedd med meg! Det var ein so fin experience. Eg fekk so mange nye venner innanfor dans og andre kunster:) I Trondheim var det alltid nokke å gjøre! Det var alltid workshops som du valde sjølv om du ville være med på, og viss ikkje du va med på workshops so var det so mykje anna du kunne gjøre!*

Alex Olai oppmodar andre unge og starte å danse og melde seg på UKM viss dei driv med noko dei vil visa fram.

*– Begynn å danse! Da e so gøy, og du får masse nye vennskap som varer heile livet gjennom dansen! Og øvelde gjer mester, so ein dag blir de kanskje profesjonelle! Eg syns andre*

*ungdommar burde være med på UKM får å vise andre folk talentet sitt, og sin kunst! Eg elskar å sjå på kva andre blir inspirerte av, og kva dei lager til slutt!*

Meir informasjon om UKM finn du på [UKM.no](http://UKM.no)

UKM står for Ung kultur Møtest og er ein møteplass for kreativ ungdom. UKM skal vera for alle uansett kva kulturinteresser ein har eller kvar ein kjem frå. Geografi og demografi skal ikkje vera avgjerande for moglegheita å dra med kultur.

Mange deltek med ulike former for musikk, men UKM handlar også om dans, visuell kunst, teater, litteratur, film, design, akrobatikk, matlagingskunst og ulike former for ung delaktigheit, som arrangør, fotograf, konferansier eller teknikar.

UKM består av lokalmørnstring, fylkesmørnstring og nasjonal UKM-festival. Det er ikkje fokus på konkurranse, men kan gå vidare frå lokalmørnstring til fylkesmørnstring og deretter vidare til nasjonal UKM festival. Under den nasjonale UKM-festivalen blir 500-600 ungdommar frå hele landet samla for å dela kulturopplevingar

## Ungdomsklubbane

Eit lenge etterlengta tilbod er godt i gong – og ungdommane heng mykje på ungdomsklubbane. Det er stor aktivitet og mange er der frå opning til stengetid. Det er kjekt! Ivrige ungdommar er med i styret som har jamlege møter for å planlegge ting som skal skje på klubben.

Det er alltid mat å få – anten enkle ting som toast og vaflar eller så lagar me for eksempel tomatsuppe, tacogryte eller liknande. Om det skal vere skikkeleg kos bestiller me pizza!

Det er ope kvar veke både på Hafslø og i Gaupne.

Meir informasjon om kva som skjer på ungdomsklubbane og opningstider finn du på:



Ungdom\_i\_luster



Ungdomsklubbane  
i Luster



T.v: Fagmiljøet har hatt fleire fagsamlingar i lag med NLR, her frå Sørheim.



Nye plantemetodar gjer avlingane større og haustearbeidet enklare, men nye teknikkar krev og ny kunnskap. Her frå Skjolden..

## Fruktdyrking i Luster

I løpet av dei siste par åra har det føregått ei satsing på frukt blant bøndene i Luster kommune. Luster har tidlegare hatt mykje frukt i fjordnære strøk, men dei siste tiåra er det bringebæra som har dominert.

Auka vekstsesong har gjort det meir aktuelt å satse på varmekrevjande produksjonar som eple, men kanskje ein etter kvart også kan sjå ei utviding av bringebærproduksjonen opp frå område nær fjorden til høgareliggende eller nye område. Det er plass til meir produksjon av bringebær og Luster har alle

føresetnader for å framleis vere ein stor bringebærkommune.

Frukt- og bærproduksjon kan både vere eit fint tillegg til husdyrproduksjon, men òg stå fint aleine på eigne bein. Ein får relativt høg omsetnad per dekar dyrka mark om innsatsfaktorane er rette. I tillegg er det ein del som satsar målretta på vidareforedling av produkt frå eigen gard. Det har vore mykje omtale i media om grossistledd og daglegvare denne sommaren, men om du lurer på å ta over ein gard eller eventuelt prøve deg på ein ny produksjon

kan ein mogleg start vere å ta kontakt med landbrukskontoret. Her kan me informere om eventuelle støtteordningar og sende deg vidare til rette vedkommande for meir informasjon.

Fagmiljøet innan frukt og bær har hatt litt fokus på fagsamlingar i 2023 og satsar på meir i løpet av 2024. Eit godt fagmiljø er viktig om ein skal ha produsentar som trivst med det ein driv med og står i yrket livet ut. Lustralandbruket er allereie mangfaldig og det vil finnast fagmiljø dei fleste produsentar vil kunne kjenne seg heime i.

# Luster Fritidsfond



**Det er stadig fleire barn som ikkje deltek i aktivitetar på fritida og vert utafor fellesskapet. Det er dessverre ikkje alle barn og unge som opplev å høyre til og som ikkje er ein del av flokken. Økonomi kan vere ei orsak til at nokon fell utafor og ikkje deltek.**

Luster Fritidsfond er eit tiltak for å hjelpe familiar å betale utgifter i samband med aktivitetar for barna. I løpet av året 2022 betalte Luster Fritidsfond ut støtte til 62 søknadar og til no i 2023 er det 74 søknadar som er blitt utbetalt. Andelen av barn som veks opp i låginnntektsfamiliar er aukande i Noreg.

Slik er det også i kommunen vår. Kjenner du nokon som har lyst til å vere med på ein fritidsaktivitet, men ikkje har økonomi til det,

kan Luster Fritidsfond vere til hjelp. Alle lag og organisasjonar, kommunale tenester og Sogn kulturskule kan søkje om støtte på vegne av barn og unge som bur i Luster kommune.

## Leiar/trenar

Me oppmodar alle leiarar/trenarar til å nytte seg av ordninga. Søknadsskjema finn de på heimesida til kommunen under *kultur, idrett og fritid – Luster fritidsfond*. Dei ulike lag/organisasjonane må sjølve informera medlemmane sine om kven dei skal ta kontakt med og korleis dei skal gå fram. Me treng dykkar hjelp til å få alle med!



Meir informasjon om Luster Fritidsfond finn de under *kultur, idrett og fritid* på heimesida til kommunen. Har du spørsmål, ta kontakt med sekretæren for Fritidsfondet:  
Marte Kvisterø Krogstadmo  
E-post:  
[luster.fritidsfond@luster.kommune.no](mailto:luster.fritidsfond@luster.kommune.no)

## Kva kan du søkje om støtte til?

- Medlemskontingent
- Lisens
- Trenings- og aktivitetsavgift
- Eigenandel for turar, leiarar og cupar
- Inngangsbillett til Lustrabadet
- Klippekort og dagskort i Sogn skisenter

**Luster Sparebank** 





**Luster kommune**

*Tusen takk til Luster Sparebank og Luster kommune for midlar til fondet!*

# Foreldre- føre- buande kurs

Som ein del av svangerskapsomsorga i Luster kommune får komande foreldre tilbod om foreldreførebuande kurs. Dette kurset er eit tilbod til foreldre som ønskjer å førebu seg og læra meir om fødsel, amming, tilknytning, barseltid, fysisk aktivitet i og etter svangerskapet, spedbarnsmotorikk og foreldrerolla. Kurset går over 3 kveldar og vert halde av jordmor, helsejukepleiar og fysioterapeut på helsestasjon.

Dersom du har spørsmål knytt til svangerskapsomsorga i Luster, treng time hjå jordmor eller vil melde deg på eit foreldreførebuande kurs, ta kontakt på tlf 57 68 56 05 eller 91 55 12 73.



## Lengst mogeleg aktiv i eige liv: **Tilbod om kvardags- rehabilitering**

Kvardagsrehabilitering er ei tidsavgrensa teneste der oppretening i daglege gjeremål skjer heime hjå deg eller i nærområdet.

Det er eit tilbod til deg som ynskjer å vere aktiv og sjølvstendig, men ikkje lengre greier å gjøre det du har fått til tidlegare. Du kan ha opplevd svekking, sjukdom eller skade og er motivert for å klare deg sjølv.

Tverrfagleg team består av ergoterapeut, fysioterapeut, sjukepleiar og heimetrenearar. Du, saman med det tverrfaglege teamet utarbeider mål for kva som er viktig å meistra i din kvardag.

### Hovudspørsmålet er: «Kva er viktig for deg?»

Aktuelle kvardagsaktivitetar å jobbe med kan vere:

- Hente posten
- Gå til butikken for å handle
- Lage mat
- Dusje utan hjelp
- Kle av/på deg
- Komme seg inn og ut av senga
- Delta i sosiale aktivitetar
- Meistre hobbyar som er viktige for deg
- Ta i bruk aktuell teknologi/hjelpemiddel
- Gå trapp

Ynskjer du å søkja på tenesta eller vil vita meir om tilbodet? Ta kontakt med Laila Haugsvær – sjukepleiar tlf. 948 27 126 (servicekontor for senior) eller den kommunale ergo-/fysioterapitenesta i Luster kommune.

# Rocket-Man kick-off

Torsdag 16. november inviterte Rocket-Man Luster til Kick-off i Rådhusparken. Her blei aktivitetstilbodet kickstarta med mange unge og vaksne som kom for å vere med. Det var rappelling ned frå Luster Sparebank, Sogn brann og redning og Frisklivssentralen hadde ulike aktivitetar. Det vart ein veldig kjekk ettermiddag med mange gode opplevingar. Me håpar både ungdom, unge vaksne og frivillige, trygge vaksne ønskjer å vere med i Rocket-Man Luster. Me skal lage eit lag som er gode på å vere saman!



Rappelling ned frå taket på Luster Sparebank – mange unge og vaksne fekk kjenne på meistring!  
Foto: Silje Kabbe.



## Rocket-Man Luster

I 2023 har me starta me opp ein avdeling av konseptet Rocket-Man i Luster. Dette er eit alternativt fritidstilbod for ungdom med fokus på meistring, tilhørsle og tryggleik. I Rocket-Man får ein moglegheit til å vere med på mange ulike spennande aktivitetar ilag med andre ungdommar og unge vaksne. No er me så vidt i gang – og me håpar fleire ungdommar, aktivitetsguidar og trygge vaksne ønskjer å vere med!

**Ønskjer du å bidra i Rocket-Man Luster? Me treng trygge vaksne og aktivitetsguidar!**

**Aktivitetsguidar:**

Unge vaksne (ca. 18-30 år) som

vil vere med på ulike aktivitetar saman med ungdom vekentleg – både fellesaktivitetar og individuelle aktivitetar.

### Trygge vaksne:

Frivillige som vil bidra med det dei ønskjer – køyre til aktivitetar, lage mat, bidra i planlegging m.m.

### Ta kontakt på

[luster@rocket-man.no](mailto:luster@rocket-man.no) ved spørsmål eller ønskje om å bidra!

### For meir informasjon sjå:

[www.rocket-man.no](http://www.rocket-man.no)



Rocketmanluster



Rocket-Man Luster

# Stolpejakta 2023

I 2023 har Stolpejakta i Luster hatt 100 stolpar rundt om i heile kommunen. Det er eit samarbeid mellom Hafslø IL, Veitastrond IL, IL Bjørn, Luster IL og IL Fanaraak, samt Luster kommune. Stolpejakta er eit gratis lågterskeltilbod for alle. Her jaktar du stolpar i ditt nærmiljø og du kan sjølv velje om du vil gå, sykle eller springe for å finne stolpane.

Pr. 17. oktober 2023 har det vore over 1700 unike stolpejegarar og 25 000 stolperegistreringar i kommunen! Det er ny rekord.

Følg med på [www.stolpejakten.no](http://www.stolpejakten.no) og på Facebook: «Stolpejakta i Luster» for oppdateringar om neste år!



# Ferieaktivitet – haust 2023

I haustferien vart det arrangert fleire spennande aktivitetar for 4.-7. trinn i kommunen. Onsdagen reiste me 27 stk. til Sogndal for å klatre og buldre i Sognahallen. Det var veldig kjekt og god stemning heile dagen. Lite høgdeskrekke å skimte hjå ungane – ein tøff gjeng!

Torsdagen var me 42 stk. som møttest i Idrettshallen i Gaupne. Her hadde me varierte

aktivitetar før turen gjekk vidare til Lustrabadet. Her var det fribadning – til stor glede for ungane. Det blei mange spenstige hopp og tider i sklia.

**Arrangørar:** Luster kommune og Luster Frivillighetssentral. Støtta økonomisk av Vestland Fylkeskommune.



## Friskus – digital aktivitetskalender

Målet med Friskus i Luster kommune er at det skal vere ein plattform der alle kan sjå kva som skjer i kommunen. For å oppnå målet må me saman jobbe for å gjere aktivitetar og arrangement tilgjengeleg på Friskus.

Derfor håper me at alle lag og organisasjonar vil legge ut sine aktivitetar på FRISKUS. Då får me ein enkel og oversikt over alt som skjer i kommunen.

Du finn god informasjon om Friskus på heimesida til kommunen. Om du treng hjelp eller har spørsmål kring dette ta kontakt med Ingrid Mork Nygård på tlf. 94156230 eller [Ingrid.mork.nygard@luster.kommune.no](mailto:Ingrid.mork.nygard@luster.kommune.no)



**Friskus Luster**



# Oversikt over transporttilbod i kommunen

## **Serviceskyssen:**

Serviceskyssen er eit tilbod til alle som bur i Luster kommune, det er inga form for godkjenning for å nytte seg av dette tilboden. På faste dagar til fastsett tid vert det sett opp drosje i rute i ulike delar av kommunen. Rutene går sjølvsgått i retur seinare på dagen. Alle passasjerar som ønskjer å nytta Serviceskyssen må bestilla hjå **Luster Taxi** (tlf: 57 68 16 20) innan kl. 18 dagen før turen. Då avtalar ein tidspunkt for henting.

### **Eigenbetaling kr 30 kvar veg.**

Oversikt over rutene: [https://www.skyss.no/reise/rutetider/rutetabellar-buss/serviceskyss-i-sogn-og-fjordane/#6533b92a\\_0c23\\_42ff\\_96d8\\_8b88855b48c5](https://www.skyss.no/reise/rutetider/rutetabellar-buss/serviceskyss-i-sogn-og-fjordane/#6533b92a_0c23_42ff_96d8_8b88855b48c5)

## **Buss:**

I Luster kommune har me bussruter som går til dei ulike bygdene til ulike tider. Du kan søke på [www.skyss.no](https://www.skyss.no) for å søke opp di rute og finne tidspunkt bussen går.

## **TT-ordninga:**

TT transport er eit tilbod som skal bidra til at personar med ei funksjonsnedsetting som bur i Luster kommune, skal ha eit alternativt transporttilbod. Transporten går føre seg med drosje. Meir info på <https://www.vestlandfylke.no/Kollektivogtransport/tt-kort/>

## **Luster ungdomstaxi – LUT:**

Er eit tilbod til ungdom busette i Luster mellom 13- 19 år. Dette er eit tilbod som gjeld frå alle opne arrangement i Luster kommune og i kulturhuset i Sogndal, også trening/øving, møte, kurs, teater og kino.

**Må vera minst to passasjerar.**  
**Eigenbetaling er 50,- kr pr gang pr person kvar veg.**  
 Du bestiller tilboden hjå **Luster Taxi, tlf 57 68 16 20,** sei ifrå om at du skal nytte denne ordninga.

## **Skyss til balansetrening:**

Luster kommune tilbyr skyss til «Betre balanse» gruppene på omsorgssentra. Du kan bestille ved å ringe Servicetorget på Rådhuset, tlf 57 68 55 00 (opningstid 9-15). Siste frist er kl 09:30 same dag.


## **Facebookgrupper for samkøyring:**

I Luster har me ulike grupper på facebook som har som mål å bidra til meir samkøyring.  
 Jostedal – saker, ting og skyss: <https://www.facebook.com/groups/454265267948483>  
 Samkøyring i Luster (Luster hjelper Luster): <https://www.facebook.com/groups/957055715704859>  
 Her kan du legge inn spørsmål om turar eller legge inn at du tilbyr skyss. Dette er både sosialt, du kan hjelpe andre og det er miljøvennleg!



## **Skyss til Seniortreff:**

Det blir organisert transport til Seniortreff for dei som har behov. Påmelding pr. tlf. 57 68 55 00 innan onsdagen før kl. 13.00.



# Helsestasjonstenester på **helsenorge.no** – ei oppmading til føresette



Illustrasjon: Helsenorge

Luster helsestasjon har teke i bruk DigiHelsestasjon. Det gjer det mogleg å kommunisere med helsestasjon- og skulehelsetenesta på nett.

På ein trygg og sikker måte kan innbyggjar sende og motta meldingar, få oversikt over avtalar, informasjon om konsultasjonar og få tilgang på relevant informasjon.

Innbyggjar brukar tenestene ved å logge inn på helsenorge.no. Helsepersonell administrerer avtalar og meldingar i den elektroniske journalen.



Hjarteleg takk for minnegåver til Luster omsorgssenter i høve **Kjartan Kvien** sin bortgang.

Helsing Luster omsorgssenter  
Ingeborg Fuhr leiar

Vi oppmodar alle føresette som brukar Helsenorge til å «opne» profilen sin slik at det også kan kommuniserast på vegne av borna. Det gjer du slik:

- Logg inn på helsenorge.no
- Trykk på namnet ditt/profilen din.
- Gå vidare på «Kven vil du bruke Helsenorge på vegne av?»
- Velg namnet ditt.
- Trykk på «profil og innstillingar», «kontaktinformasjon», «Hvordan skal helsenorge varsle deg»
- Gå lenger ned på sida og trykk «lagre» når du gjort valga dine.

Ta kontakt med helsestasjonen om du har spørsmål eller treng hjelp.



# Det gode liv som pensjonist



*Alder er som å bestige et fjell. Man blir nok litt andpusten, men får en mye bedre utsikt.*

Ingrid Bergmann

I Luster ønskjer me at livet ditt som senior skal vera eit godt og trygt liv. Du skal vita at du, helsa di og livskvaliteten din er viktig for oss!

Kommunen har utarbeida ei brosjyre og med det ønskjer å bidra til at du får informasjon om ulike tilbod, generell informasjon om viktigheita av aktivitetar og kor du finn dei ulike tilboda.

Brosjyren finn du på heimesida til kommunen, omsorgssentera, helsesenteret m.m.

Ønskjer du den i papir kan du vende deg til servicetorget.

I tillegg har kommunen utarbeida digital informasjonsmodell – «Fjellet» – som ligg på heimesida.

Ved å klikke på boksane kan ein få informasjon om tema som velferdsteknologi, er du pårørende, livesendringar mm.

## Er du plaga med hørsel eller tinnitus?

Treng du hjelp med høyreappart?  
Behov for hjelphemiddel?

Ta kontakt med ein av våre hørselhjelparar

- Mette Alme, tlf. 995 39 928
- Lars Mogens Stølen, tlf. 970 35 460

Lars er også å treffe i 2. etasjen på helsesenteret kvar 3. onsdag i månaden. Me kjem på heimebesøk eller du kan komme heim til oss.



 Hørselhemmedes  
Landsforbund



# Fredagsturar på Gaupne omsorgssenter

I samarbeid med Luster Røde Kors omsorg har me etablert faste fredagsturar for bebuarane på Gaupne omsorgssenter. Sjølv om det har vore ein sommar med mykje regn, har me vore heldige medvêret nesten kvar fredag sidan oppstarten i mai månad, til stor glede for alle. Klokka 10:30 står blide og glade brukarar klar til tur når dei frå Røde Kors kjem.

Tilbodet er for alle som ynskjer å vere med, uavhengig om

ein nyttar rullatorar, stavar eller sit i rullestol.

Me går frå hovudinngangen ved omsorgssenteret, til benkane utanfor Luster sparebank. Der har me alltid ein fin og god pratepause før me reiser bort att på stova for å drikke kaffi.

Luster sparebank har også vore rause med spons av solbriller til den flotte turgjengen, samt at dei titt og ofte spanderer «ein liten sukkelade» til pausen, det varmar!

Folk stoppar og pratar med oss, og me har det veldig triveleg saman.

Aktivitet og frisk luft er viktig for alle, uansett alder, så dette tilbodet ynskjer me å fortsette med. Vêret kan fort sette ein stopp for tilbodet ute framover, men då fortset me innandørs.

Om nokon har lyst å vere med på turar eller aktivitetar saman med bebuarane, så må de gjerne ta kontakt med oss på Gaupne omsorgssenter. Om det er fleire hender som kan hjelpe, så er det endå fleire bebuarar som kan vere med. Me kan love dykk mykje latter og glede!



**Røde Kors Luster**  
Omsorg



# Dette bør du ha heime

Tenk igjennom kva farar og ulukker som kan ramme deg heime, og førebu deg best mogleg. Dersom straumen blir borte eller du blir isolert avvêret i fleire dagar, bør du vere rusta til å klare deg sjølv i minst tre døgn.

Eksempel på beredskapslager:

- 9 liter vann per person
- To pakker knekkebrød per person
- Ei pakke havregryn per person
- Tre boksar middagshermetikk eller tre posar tørrmat per person

- Tre boksar pålegg med lang haldbarheit per person
- Nokre posar tørka frukt eller nøtter, kjeks og sjokolade
- Medisinar du er avhengig av
- Ved-, gass- eller parafinomn til oppvarming
- Grill eller kokeapparat som går på gass
- Stearinlys, lommelykt med batteri eller parafinlampe
- Fyrstikker eller lighter
- Varme klede, pledd og sovepose
- Førstehjelppakke
- Batteridriven DAB-radio
- Batteri, ladd batteribank og mobilladar til bilen
- Våtserviettar og desinfeksjonsmiddel
- Tørke-/toalettpapir
- Sanitærprodukt
- Litt kontantar
- Ekstra drivstoff og ved/gass/parafin/raudsprit til oppvarming og matlaging
- Jodtablettar ved atomhendingar om du er under 40 år, gravid, ammande eller har barn som bur heime



Les meir på:  
[sikkerhverdag.no/nn](http://sikkerhverdag.no/nn)

# Kjenner du deg trygg heime?

## Treng du nokon å snakke med?

Luster legekontor:	57 68 56 00
Luster helsestasjon:	57 68 56 05
Psykisk helseteam:	57 68 56 34
Familievernkontoret:	46 61 92 80
Sogn barnevern (dagtid):	97 50 60 95
Barnevernvakta (kveld/natt/helg):	40 02 29 88
Krisesenteret i Florø:	57 74 36 00
Overgrepsmottaket (Førde):	57 72 37 48
Politi:	112
Legevakt:	116 117

## Ved akutt fare, ring politiet 112.

Politiet kan påleggje overgripar besøksforbod og kan hjelpe deg å kome til kriesenteret. Du kan melde valden.

På Krisesenteret i Florø kan du kome både dag og natt for å bu trygt. Du treng ikkje å ha synleg skade for å søkje hjelp – trugslar og psykisk vald er like alvorleg.

**Meir informasjon finn du på: <https://DinUtvei.no>**



## Nasjonale hjelpelefonar

Mental Helses hjelpelefon:	116 123
Alarmtelefon for barn og unge:	116 111
Kors på halsen (for barn og unge):	800 333 21
Vold- og overgrepsslinjen (VO):	116 006
Røde Kors-telefonen om tvangsekteskap:	815 55 201
Hjelpelefon for seksuelt misbrukte:	800 57 000
Alternativ til vold (ATV):	55 60 31 99
Vern for eldre:	800 30 196

*For meir  
informasjon  
om kven  
du kan snakke  
med, scann  
QR-koden:*



## SJEKKLISTE:

- Er du usikker på om det du opplever heime er bra for deg?
- Er du redd for kva som kan kome til å skje med deg?
- Er barnet ditt trygt?
- Får du høyre at du ikkje er verdt noko?
- Vert du tvinga til seksuelle handlingar?
- Vert ting du er glad i øydelagt?
- Ynskjer de hjelp til å løyse konfliktar?
- Disponerer du eigne pengar?

**Det er aldri din feil! Det er aldri for seint! Det er alltid hjelp å få!**

# Juleglede 2023



Me er ei tverrfagleg samarbeidsgruppe i Luster Kommune som jobbar med «juleglede». Denne gruppa er samansett av representantar frå frivillige lag og organisasjonar, samt ein koordinator frå Luster kommune.

Me samarbeider om å gje familiar med økonomiske utfordringar mogelegheita til å ta imot ei juleglede.

Det kan vere mange ulike grunnar til at menneske får økonomiske utfordringar. Livet gjev oss ingen garantiar og det kan skje noko som fører til at økonomien blir sett på prøve. Om ein har forsørgjaransvar vert dette sjølv sagt ekstra vanskeleg.

Å ha dårlig økonomi er ofte forbunde med skam, og det kan vere vanskeleg å snakke om. Skilnadane mellom dei som har mykje og dei som har lite er store, og det kan vere vanskeleg å be om hjelp dersom ein ikkje får midlane til å strekke til.

«Juleglede» skal bidra til at familiar som har behov for det skal kunne få ei opplevingspakke for heile familien eller ei personleg julegåve til barna i alderen 0-18 år.

Det er moglegheit å fylle ut eit enkelt skjema der ein er heilt anonym. Meir informasjon om korleis du skal gå fram dersom du ynskjer å sende inn skjema finn du på Luster Kommune sine heimesider.

Kwart år arrangerer me også eit gratis arrangement for alle barn, unge og vaksne i Luster, dette er for å bidra til at alle skal få like moglegheiter til å delta på eit kulturtilbod i kommunen.

«Juleglede» ynskjer å gjere ein forskjell for dei familiene som opplever julehøgtida som vanskeleg. I 2022 fekk 89 barn i Luster ei juleglede frå oss.

Me har oppretta ein Vipps-konto til dette formålet gjennom Luster Røde Kors, og i den samanheng vil me oppfordre både bedrifter og privatpersonar til å gje eit valfritt bidrag til dette formålet.

## Vipps # 519965 – Juleglede (Luster Røde Kors)

eller

**Kontonr.: 3785.12.25871**

Ved spørsmål, ta gjerne direkte kontakt med oss på telefon 470 13 690 (Luster Røde Kors).

## Sterk og stødig

**Sterk og stødig** er eit gruppetreningskonsept for seniorar med fokus på å styrke bein og betre balansen, i tillegg til mykje fokus på det sosiale. Våren 23 var frisklivskoordinator Synne Aafedt Liljedahl og fysioterapeut Laila Kjærvik på rettleiarkurs i

Mosjøen, og var etter dette klare for å både lære opp og følge opp nye instruktørar.

I september vart det arrangert kurs for nye instruktørar i Gaupne, der 6 dyktige deltakarar deltok. Me hadde kjekke dagar med ei blanding av teori og praktisk øving. Tre av

deltakarane er fra Solvorn, noko som lovar svært godt for oppstart av ny gruppe der i framtida. Vidare var to av deltakarane frå Hafslo – dei er begge ivrige på å få til ei gruppe der, men treng å ha med seg minst ein instruktør til for å få til dette.



Frå tidlegare har me grupper i Jostedalen og Skjolden, som starta opp hausten i fjor. Der må me nok ein gong få rette ei stor takk til instruktørane som gjer at dette tilbodet kan finnast ute i bygdene.

Ønskjer du å bidra til at seniorar også i di bygd får eit treningsstilbod? Me har planar om nye kurs i tida framover. Ta gjerne kontakt med fysioterapeut Laila Kjærvik på tlf 47 80 89 61 eller e-post [laila.kjærvik@luster.kommune.no](mailto:laila.kjærvik@luster.kommune.no)



Frå starten på sykkelturen 2022. Med sykkelhjelm: f.v. Morten Norheim, Bård Huseby og Bjørn Kristian Skovly – med ungane på Veitastrond.



Bjørn Skovly:  
Vel framme i Kampala.

## Uganda: Millionar frå Luster og «gamling» på sykkel skaper

# nytt liv for tusenvis av barn

1.013 barn frå slummen i Uganda får daglege måltid og skulegang takka vere prosjektet *Care4 Starving Children* på Veitastrond. Bjørn K.

Skovly (75) som driv prosjektet deler sin tid mellom arbeid i Uganda og å skaffe pengar til arbeidet i Noreg. No er det i tillegg til den daglege bistanden også å skaffe pengane til å bygge ein yrkesskule for dei samme barna.

Sidan Lions-klubben i Luster starta prosjektet i 2015 er det på ulike måtar samla inn meir enn 10 millionar kroner til arbeidet. Lustringane er dei viktigaste bidragsytarane. Gjennom fadderskap,

innsamlingsaksjonar og støtte frå næringslivet har dei bidrege med meir enn tre millionar kroner.

– Eg har ein heilt utruleg støtte i Luster. No håpar eg virkeleg den fortset, sier Bjørn. Yrkesskulen for 200 barn som er under bygging vil koste nærmiljonar kroner. I fjor var sykkelturen på 12.000 km frå Veitastrond til Kampala, Uganda, og heim att hovedsatsinga for å skaffe pengane. Vinka av gårde av ordførar Ivar Kvalen på Veitastrond

i 10 minusgrader og snø – og med ein hyggeleg sjekk frå kommunen som første bidrag på sykkelturen. Vel heime att 1. oktober var nær to millioner kroner samla inn til skulen.

– Ein kronekurs som har fallt rundt 40% i forhold til ugandiske shilling er min store utfordring no, både for skule og bistanden til barna. Men det betyr berre at eg må stå på endå meir og håpe mange kan bidra, sier Bjørn.

Det betyr nok at mange på ulike måtar vil bli spurt og få moglegheita til å hjelpe. For som han seier – det kan umogleg vere større hjarte nokre andre plassar enn hjå mine sambygdingar i Luster!



Skulen me byggjer i Kampala.  
Sjå meir på [www.teamcare4.no](http://www.teamcare4.no)



**Luster- og Sogndal kommune samarbeider om eit femårig folkehelseprosjekt kalla «Livsmeistring- robuste barn og unge». Prosjektet er no inne i ein fase der skulane og barnehagane prøver ut konkrete tiltak.**

#### **Livsmeistring på timeplan**

Ei arbeidsgruppe bestående av helsejukepleiarar, pedagogar, rektorar og styrarar planlegg tiltaksarbeidet. For at alle elevane i Lustraskulen skal få eit mest mogleg likt tilbod skal arbeidsgruppa utarbeide eit årshjul for det tverrfaglege temaet Folkehelse og livsmeistring som eige fag på timeplan for 1. – 10. trinn. Tema og undervisningsopplegg er forankra i læreplanverket. Frå hausten 2024 vil nokon skular i kommunen ha ein time i veka med tema innan Folkehelse og livsmeistring. Eigne kartlegging og læreplanverket (LK20) er styrande for val av tema.

Dette skuleåret prøver me ut fleire tverrfaglege undervisningsopplegg på ungdomsstegene med tema som: å ta gode val, gruppepress, meistringsstrategiar, sosiale media og rus.

#### **Seksualitetsundervisning**

Ungdommen sjølv ynskjer betre seksualitetsundervisning med små drypp gjennom heile skuleløpet. Forsking viser at det er viktig med små drypp om tema gjennom heile skuleløpet for at elevane skal få eit best mogleg

utbytte av undervisninga. Ein ny studie frå OsloMet viser at ein av fire ungdommar rapporterer om seksuell vald i løpet av oppveksten (Frøyland, L.S., Lid, S., Schwencke, O.E. & Stefansen, K. (2023). Det tek i gjennomsnitt 17 år før barn fortel om det dei har opplevd. Kunnskap om kropp, grenser, positiv seksualitet, kva som er lov og kva som ikkje er lov å gjøre med kroppen kan bidra til at fleire barn og unge fortel. Det vil og hjelpe barn og unge til å vite kvar eigne grenser går. Me vil difor gje barn og unge systematisk opplæring i tema frå barnehagen og ut grunnskulen. Dette vil vere ein viktig del av årshjulet for Folkehelse og livsmeistring.

#### **Systematisk foreldresamarbeid**

I Sogndal skal ein eigen plan for barnehage/skule-heim samarbeidet bli utarbeida. Foreldrerolla og samarbeidet med barnehage/skule har mykje å seie for at barn skal bli robuste. Ein felles mal for

til dømes foreldremøte vil gjere at foreldremøta ikkje berre er informasjonsmøte, men inneheld aktivitet, dialog og det at foreldre blir kjende med kvarandre. Etter kvart er målet at Luster- og Sogndal kommune skal dra nytte av kvarandre sine erfaringar i tiltaksperioden. Det er ein fordel at me kan prøve ut ulike tiltak og sjå kva nytte ein kan dra av det i den andre.

Les meir om prosjektet her:  
*Livsmeistring – robuste barn og unge*

#### Referanse:

Frøyland, L.S., Lid, S., Schwencke, O.E. & Stefansen, K. (2023). *Vold og overgrep mot barn og unge. Omfang og utviklingstrekk 2007–2023*. Henta frå: <https://oda.oslomet.no/oda-xmlui/bitstream/handle/11250/3083676/NOVA-Rapport-11-2023.pdf?sequence=1&isAllowed=y>





Utekulpane



# Lustrabadet

På Lustrabadet skjer det mykje. Alt frå større oppussingar til større besøk. Men ein ting er sikkert, folk engasjera seg for Lustrabadet! Det likar me som jobbar her.

Det er ingen hemmelegheit at me har hatt store utfordringar med fliser i fleire år. Me er no inne i ein periode der det har skjedd litt arbeid, der det er under arbeid, og garantert vil bli meir arbeid i framtida.

Golvet ved utekulpane vart teke oppatt, nye varmekablar og nye fliser. Me er knallfornøgde med resultatet, og håpar at dette vil halde lenge!

Velværebassenget vårt har me akkurat stengt ned når dette vert skrive. Her må alle fliser bytast ut, og det må gjerast litt med underlaget før nye fliser kjem på

plass. Dette vert utført av same entreprenør som tok området ved utekulpane, så me har trua på at det bli bra.

Idrettsbassenget vårt blir då meir aktivitet i, og me har skrudd opp temperaturen nokre grader for at det skal vere litt meir velvære å vere i. Me håpar og trur det skal bli bra. Men også i dette bassenget må me gjere noko. Her har me også lause fliser som må takast att. Når dette blir kan me ikkje sei pr. no, men det kjem.

Utanom bekymring for fliser så brukar me mykje tid på reinhald, samt opplæring av våre ansatte. Det er viktig for oss at det er reint og ryddig her, og at tryggleika er på plass.

Me vil også gje ein stor skryt til alle dykk som brukar Lustrabadet

og som gir oss tilbakemelding på om det er noko som ikkje fungerar eller ynskje om noko nytt.

Det er viktig for oss at me alle spelar på lag, og at me får laga til eit så godt tilbod som mogleg for alle innbyggjarane i Luster kommune, og tilreisande.

*GOD JUL alle Lusteringar!*

## Velværebassenget





Frivillig arbeid er en viktig del av integreringen. Samarbeid med Helselaget. Stekte lapper på FriMoro.

## Siste nytt frå flyktningetjenesta



Luster kommune har i skrivande stund busett 68 flyktingar hittil i år når vi inkluderar dei som har kome på familiegjenforening. Luster kommune har sagt ja til å ta imot 95 flyktingar i 2023. Hittil er det i all hovudsak kome flyktingar frå Ukraina. Ukrainske flyktingar har kollektiv beskyttelse og får opphold for

Tusen takk til Avery Dennison NTP og Digital Etikett for sponsoring av t-skjorter.

eit år om gongen. Oppholdet blir automatisk forlenga så lenge det fortsatt er eit behov.

Flyktingjenesta har fått tilgang på mange private bustader som har inngått avtalar med kommunen. Den største utfordringa har ikke vore, som først anteke, nok bustader, men nok barnehageplassar. Busettinga av flyktningane er fordelt rundt om i kommunen, til Fortun, Jostedalen, Hafslo, Indre Hafslo, Luster, Skjolden, Høyheimsvik og Gaupne.

Trykket på norskopplæringa har aldri vore større og nokre dager er det over 70 elever på skulen fordelt på 4 klassar. Klasseromma har klingande navn som Eikjo, Raum, Kroken og Vikadn.

Flyktingjenesta fekk sponsa 100 t-skjorter frå Avery Dennison NTP og Digital Etikett som vert brukt til fysisk aktivitet. Etter haustferien har norskopplæringa tilgang til idrettshallen der alle i introduksprogrammet har fysisk aktivitet ein gong i veka. I vår- og sommarhalvåret vert naturen og nærområdet brukt. Det har vorte ein årleg tradisjon å besøke Nigardsbreen. Her får vi ein god kombinasjon av flott naturoppleving og fokus på klima/miljø.

Ein viktig del av oppfølginga er koblingen til frivilligheita. Frivilligkoordinator Ingelin har i oppgåve og koble flyktningar på aktivitetar og finne gode matcher mellom frivillige hjelparar og dei som treng hjelp til aktivisering, avlastning, språk, sosialisering osv.

Ein stor del av introduksjonsprogrammet er språk- eller arbeidspraksis. Her er vi fullstendig prisliggitt næringslivet som er flinke å inkludere og vil vere med å gjere ein forskjell.



*Frivillig arbeid. Samarbeid med Helselaget. Laget lunsj i barnehagen.*



*Tur til Nigardsbreen har blitt en tradisjon.*



# God utvikling i tal gjestedøgn i Luster kommune



2023 var nok eit år med god utvikling i overnattingsdøgn for reiselivsbedriftene i Luster kommune. Tala her gjeld hotell, camping og hytter i perioden januar tom august, og baserer seg på statistikk fra SSB. I 2019, året før pandemien var det 100292 gjestedøgn i Luster kommune.

I 2020 vart det eit bratt fall til 66745 gjestedøgn, særleg tal utanlandske gjestedøgn fall mykje, berre 12450. 2021 hadde 79236 gjestedøgn i denne perioden, tal utanlandske gjestedøgn var 15355.

I 2022 var pandemien i praksis over og reiselivstrafikken auka svært mykje, totalt 122565 gjestedøgn i Luster der utanlandske gjestedøgn auka til 73268 (365% auke frå 2021 til 2022). No i 2023 har den positive utviklinga halde fram. Totalt har det vore 128649 gjestedøgn frå januar tom august, av desse var 53137 gjestedøgn frå Noreg medan 75512 var frå utanlandske gjester.

Statistikk for utanlandske gjestedøgn i 2023 syner at det er Tyskland med 21498 gjestedøgn som er størst, så kjem Nederland med 14306, Belgia 7340, Frankrike 7270 og USA 5194.

Visste du at....

# ....du kan ta ditt kjæledyr til **veterinær** i Gaupne?

Luster kommune disponerer veterinærkontor/lokale til veterinærene som deltek i den offentleg pålagde veterinærvaktordninga. Lokala, som ligg i Luster Energi-bygget, har ikkje vore brukt så mykje dei siste åra, men sidan september 2022 har det vore aktiv drift på veterinærkontoret i Gaupne igjen.

Veterinær Loek Laumans tilbyr konsultasjon for hundar og kattar. Det kan vere til dømes helsesjekk, vaksinasjon, pelsstell, tannrens og enkle konsultasjonar. Ho sel også hunde- og kattefor av typen «Hills». Luster kommune har i tillegg gitt

støtte til blant anna innkjøp av eit blodanalyse-apparat, som kan vere godt å ha i visse sjukdomstilfelle.

Ynskjer du å bestille time til hunden eller katten din, kan du ta kontakt med Loek Laumans på tlf 469 06 819. Ho er som regel tilgjengeleg for konsultasjonar på onsdagar, torsdager og fredagar, men ta kontakt i god tid.

For meir informasjon kan du følge ho på Facebook (veterinær Loek Laumans)

*OBS! Telefonnummer for akutt sjuke dyr, heile døgnet, er det same som før: 975 88 629.*



## Luster som trafikksikker kommune

”Trafikksikker kommune” er ei godkjenningsordning utarbeidd av interesseorganisasjonen Trygg Trafikk. Godkjenningsordninga inngår i det nasjonale arbeidet rundt trafikktryggleik.

Kommunar som ønskjer å bli godkjend som trafikksikre kommunar må utarbeida ulik dokumentasjon frå ulike kommunale avdelingar. Denne dokumentasjonen må vidare godkjennast av Trygg Trafikk. Godkjenningsordninga baserer seg såleis ikkje på talet på trafikkulykker i kommunen, men heller på at kommunen har utarbeidd god dokumentasjon

som kan hjelpe å forebyggja trafikkulykker i kommunen.

Arbeidet med å gjera Luster kommune til ein trafikksikker kommune starta i slutten av august. Eg fekk då i oppgåve å vera koordinator i arbeidet. Dette vil seia at ein koordinerer arbeidet mellom avdelingane i kommunen som skal levera dokumentasjon og Trygg Trafikk som skal godkjenna dokumentasjonen.

I slutten av september og byrjinga av oktober kom representantar frå Trygg Trafikk til Luster og organiserte workshops med avdelingane som skal levera dokumentasjon. Nødvendig

dokumentasjon vart her forklart av Trygg Trafikk. Det vart også gitt tips til korleis dette kan utarbeidast på ein best og enklast mogleg måte.

Målet mitt er at Luster kommune skal bli godkjent som trafikksikker kommune i første kvartal av 2024. Dei ulike avdelingane som skal levera dokumentasjon er no i godt i gang med arbeidet rundt utarbeiding av dokumentasjonen. Eg har stor tru på at me skal klara det innan den tida.

*Andreas Pascual Losnegård  
(Trainee: Nærings- og samfunnsutvikling)*

# Skjøtselsarbeidet på Ornes


## Ornes

Ornes har ”alltid” vore eit levande jordbruksområde og på det meste kan det kanskje ha budd rundt 150 personar på Ornes – eit relativt høgt befolkningstal for eit så avgrensa område – og då seie det seg sjølv at man måtte utnytte alle tilgjengelege ressursar. All jord som kunne dyrkast blei dyrka, slåttemarkene blei slått, områda som var for bratte og steinete vart beita, og skogen vart hausta for lauv til vinterfør for dyra.

*Naustrekka nede ved kaia – før:*



*... og etter:*



Jordbruket forblei relativt uforandra fram til den industrielle revolusjonen fekk fart på moderniseringa av det norske jordbruket frå midten av 1800-talet. Den neste store endringa kom fyst etter krigen; fråværet av beitedyr i stor skala til fordel for frukt- og bærdyrkning har tillat skogen å ta tilbake store område rundt stavkyrkja.

## Attgroing av skogen

Attgroing av skogen har ført til ein merkbar nedgang i artsmangfald,

*Montering av skilt på p-plassen.*



*Urnes stavkyrkje. Foto: Håvard Nesbø.*

ikkje berre på Ornes, men i heile landet; semi-naturleg slåtteeng er no kategorisert som ’sterkt trua’ på raudlista for naturtypar. Tette trekroner slepp ikkje inn så mykje lys til skogbotnen, vekstvilkåra for andre plantar blir forverra, og økosystemet kjem i ubalanse. I naturen er det ingenting eksisterer i eit vakuum, alt heng saman, og så fort éin art forsvinn skapar dette ein uheldig dominoeffekt. I verste fall forsvinn til slutt dei pollinerande insektene som fruktbøndene er heilt avhengige av.

Stavkyrkja eksisterer heller ikkje i eit vakuum, den er ein del av eit større kulturhistorisk landskap. Attgroinga i området gjer det

*Ragnvaldshaugen.*



vanskligare å ”lese” landskapet når siktelinjene forsvinn, noko som forhindrar den fulle forståinga av stavkyrkja og den posisjonen og rolla den har hatt for området gjennom historia.

### **Skjøtselsarbeidet rundt verdsarven**

Skjøtsel kan definerast som alle tiltak som blir gjennomført for «å oppretthalde eller oppnå ein ynskja kultur- eller naturtilstand», og skjøtsel og vedlikehald av naturområda rundt verdsarven Urnes stavkyrkje har vore eit av dei viktigaste satsingsområda i arbeidet rundt verdsarven dei siste åra.

Sidan mai 2022 har Morten Stensland Løwe vore tilsett som skjøtselsmedarbeidar på Ornes på heilårsbasis, noko som har vore svært positivt då mykje av arbeidet lar seg best gjennomføre på hausten og vinteren. Om sommaren har Morten òg fått god hjelp av lokale ungdomar – tunvertane – som i tillegg til å hjelpe med skjøtselsarbeidet, har som oppgåve å stelle stavkyrkja sin tilhøyrande kyrkjegard, samt dei kommunale områda langsmed kaia og stranda i Solvorn.

Prioriterte områder nede ved ferjekaja og nausttrekkja – som ofte er det fyste besökjande til området ser – har blitt rydda, samt områda rundt kulturminne som Ragnvaldshaugen og Høgesteinen, og vegen opp til stavkyrkja. Regelmessig grasklypp og rydding av buskar og kratt har gjort at naturområda rundt om på Ornes blir meir tilgjengelege, både for fastbuande og besökande, og vi har sett ein auka bruk av områda nede ved kaia og rundt Ragnvaldshaugen som eit rekreasjonsområde.

Dette har blitt svært godt motteke både av dei som bur i området og dei besökande gjennom sesongen då naturen på Ornes har mykje å seie for opplevelinga av stavkyrkja og området som heilheit.



# **Luster kommune sin tilgjengepris 2023 til Fjordstova**

Prisen for 2023 vart delt ut på møte i kommunestyret den 22. juni 2023.

Formålet med prisen er å auke merksemda rundt arbeidet mot eit universelt utforma samfunn.

Det er rådet for personar med funksjonsnedsetting som avgjer kven som skal få prisen etter forslag frå einskildpersonar og organisasjonar i kommunen.

Prisen fekk Fjordstova på Skjolden, etter at det hadde komme forslag om at dette er eit bygg som oppfyller kriteria for universell utforming, på ein tilfredsstillande måte. Bygget har mellom anna eit inngangsparti med god breidde,

døropnar på inngangsdøra, heis mellom etasjane og nedsenka del av skranke ved kasseområdet.

I bassenget er det rullestolrampe og god belysning. Det er tilkomst til toalett for rullestolbrukarar i både etasjar.

Turid Øiene, dagleg leiar for Fjordstova as, tok i mot prisen på vegne av Fjordstova.

Tusen takk til dei som tok seg tid til å sende inn forslag på kandidatar til prisen for 2023.

Meir informasjon om utdeling av tilgjengepris for 2024 kjem seinare på kommunen si heimeside.



Ordførar Andreas Wollnick Wiese klypper snora med hjelp frå representantar frå AD NTP f.v. Mikkel Frodahl og Christian Murillo.

# Snorklypping for utleigebygget til Avery Dennison NTP

Onsdag 1. november var det markering av ferdigstilling av Luster kommune sitt nye utleigebygg til Avery Dennison NTP på Gaupnegrandane. I tillegg til dei tilsette ved AD NTP deltok representantar frå Luster kommune og utførande entreprenør. Ordførar Andreas Wollnick Wiese var til stades og klypte snora.

Ein langsiktig leigeavtale med AD NTP vil finansiere Luster kommune sin kostnad med

etablering av varehuset. Nordbohus Sogn har vore totalentreprenør på prosjektet. Varehuset er på om lag 850 kvadratmeter, og vil i hovudsak nyttast til varelager. Bygget inneheld og garderobe og ei kontorfløy. I tillegg er det etablert eit stort overbygd areal for utvendig lagring mellom nytt og eksisterande bygg på om lag 400 kvadratmeter. Med dette bygget vil bedrifta som har vekse mykje dei seinare åra få rom til å utvikle seg vidare.

Særleg vil bygget legge til rette for betre logistikk og HMS-tilhøve i verksemda.

Takflata på varehuset har solcelleanlegg, som vil dekke ein del av verksemda sitt energibehov. Dette bidreg til at varehuset blir trekt fram som eit førebileteprosjekt innan berekraft i det store internasjonale Avery Dennison-konsernet.

Ole Martin Brennsæter,  
Prosjektleiar

*Dei tilsette ved NTP, representantar frå Luster kommune og utførande entreprenør var til stades på markeringa. Produksjonsleiar Christian Murillo frå NTP (t.v.) og prosjektleiar Ole Martin Brennsæter frå Luster kommune.*



*Det store solcelleanlegg på taket forsyner varehuset med straum.*



# Private avlaupsanlegg

**Luster kommune kjem til å sette i gang med eit omfattande arbeid med tilsyn og opprydding av private avlaupsanlegg i løpet av 2024. Dette er ei lov pålagt oppgåve som må gjennomførast av alle kommunar i Noreg.**

## Bakgrunn for opprydding i spreidde avlaup

I Noreg har vi gjennom vassforskrifta, som er den norske implementeringa av EUs vassdirektiv, forplikta oss til miljømål om å ha godt vassmiljø i alt av vassførekomstar. I Luster kommune er det fleire vassførekomster som ikkje oppfyller måla, i tillegg til at vassførekomstane er tilknytt Sognefjorden som er ekstra sårbar for auka tilførsel av organisk materiale og næringssalter som fosfor og spesielt nitrogen. Utslepp av avlaupsvatn frå private avlaupsanlegg utgjer ein betydeleg del av forureining til vassdrag og fjordsystem. Avlaupsvatn består av organisk materiale og næringstoff, som kan føre til eutrofiering (overgjødsling) av vatnet med påfølgande oksygentap. Avlaupsvatn inneholdt også tarmbakteriar og miljøgifter som kan gjøre vatnet ueigna som drikkevatn og badevatn, og i enkelte tilfelle giftig.

Det er krav om å gjennomføre ei rekke tiltak, kor tilsyn og opprydding av private avlaupsanlegg er eit viktig tiltak for å sikre målet om godt vassmiljø. Fleire av dei private avlaupsanlegga i kommunen blei etablert før mange år sidan og

tilfredsstiller ikkje lenger dagens krav til reinsing og utforming. Det betyr at kommunen som forureiningsmynde for utslepp frå mindre avlaupsanlegg kan måtte pålegge anleggseigarar å oppgradere private avlaupsanlegg for å oppfylle gjeldande tekniske krav og reinsekrav i forureningsforskrifta kapittel 12.

## Gjennomføring av tilsyn og opprydding

Tilsyn og opprydding vil skje områdevis og me vil begynne i område kor det negative forureiningsbidraget er størst til dei ulike vassførekomstane. Miljøkartlegging av vassførekomstane i kommunen over fleire år har danna grunnlaget for områdeinndelinga som vil være utgangspunktet for prioriteringlista. Nøyaktig tidspunkt for oppstart av tilsyn er ikkje bestemt enda, men informasjon vil bli tilgjengeleg på kommunen si heimeside, og varsel om tilsyn vil bli sendt ut samtidig områdevis.

Tilsyna skal sørge for at avlaupsanlegga ikkje fører til ureining eller helseplager, og at alle krav i utsleppsløyvet vert tilfredsstilte. Tilsynet skal sikre brukarinteresser (drikkevatn, bading/rekreasjon og

fiske), biologisk mangfold og gode miljøforhold i vassførekomstane, og vil være naudsynt for å oppnå miljømåla og krava i vassforskrifta.

Tilsyn vil i hovudsak skje i form av dokumenttilsyn, og fysisk tilsyn ved behov.

Feil og manglar blir fylgt opp i form av informasjon til anleggseigar, pålegg om utbetringar eller krav om ny utsleppssøknad.

I områder kor det er tilgang til kommunalt VA-nett vil det bli stilt krav til tilknyting. Påslepp til kommunalt VA-nett skal skje der det er mogleg og er eit krav som er heimla i plan- og bygningslova § 27-2. Om anleggskostnadane ved ei tilknyting vert for høg kan andre løysingar aksepteras.

## Veiledning og informasjon til innbyggjarane

Sidan oppryddinga i avlaupsanlegg vil medføre store kostnader for enkelte, vil kommune legge opp til lange fristar og god kommunikasjonsflyt. Det vil bli sendt ut informasjonsbrev i starten av større tilsynskampanjer, kor vi også kan få om tilbakemelding/svar på spørsmål, og mogleheit til å legge ved dokumentasjon/teikningar. Det er mogleg for mottakaren av brevet å delta på eventuell befaring. Kommunen arrangerer også informasjonsmøte for anleggseigarar der dette kan være hensiktsmessig. Tilsynsplana med informasjon om gjennomføring av tilsyn og opprydding, samt heimeside vil bli fortløpende oppdatert med ny informasjon undervegs i prosessen. Informasjon vil også kunne bli annonsert i andre media som f.eks. kommunen si facebook-side, nyheitssak på kommunens heimeside og lokale aviser.

Det er anbefalt å lese desse dokumenta og kontakte kommunen ved planlagde utbetringar/oppgraderingar på anlegg. Om dykk allereie no har mistanke om at dykkar avlaupsanlegg ikkje vil oppfylle krava i forureningsforskrifta, kan ein starte prosessen med å söke om nytt utsleppsløyve, eller kontakte kommunen og/eller eit røyrleggjarselskap som kan kome og vurdere anlegget. Dette vil i hovudsak gjelde anlegg etablert før 2007, og spesielt anlegg eldre enn 30 år.

*Illustrasjonsbilete (Foto: Ørjan Talle)*





# Reguleringsplan for Gaupne sentrum

Det skal utarbeidast ny reguleringsplan for sentrumsområdet i Gaupne, og Norconsult har fått oppdraget. Fleire av dei sentrale reguleringsplanane i området er av eldre dato, og regulert løysing for avkøyring frå FV55 er ikkje lenger aktuell. Det er no viktig å finne ei ny og framtidsretta løysing både mot sentrum og Gaupnegrandane. I tillegg står både kommunen og private aktørar overfor nye store byggeprosjekt i åra framover som det må finnast løysing for.

Planarbeidet omfattar fleire sentrale tema:

- Trafikkloysingar
- Nye offentlege bygg
- Næringsareal
- Infrastruktur
- Miljø- og klimavenlege løysingar

For det aktuelle planområdet er det i dag 6 reguleringsplanar. Område som ikkje skal omregulerast skal innarbeidast i ny reguleringsplan. Plankart og føresegner må også oppdaterast dersom dei ikkje er i

samsvar med gjeldande plan- og bygningslov.

Det har vore halde ope møte i to omgangar for næringslivet og innbyggjane for å samle idear og høyre på ynskjer frå dei lokale. Mange interessante løysingar har vorte diskutert, og innspela er sendt til Norconsult som vil innarbeida dei i planen så vidt mogleg.

## Reguleringsplan for Øyagata

Planen for Øyagata har vore på høyring og reguleringsarbeidet held fram. Føremålet med planen er i

utgangspunktet ei oppgradering av Øyagata med etablering av fortau, og det har kome ein del innspel primært angående trafikktryggleik: lågare fartsgrense, anna løsing på fartsdemping og nytt køyremønster ved barnehagen er blant innspela.


Luster kommune har vorte på oppmåling, og merka av kor fortauen kjem for å synleggjere ei del av prosessen. Det skal understrekast at i anleggsperioden må ein truleg nytte noko meir av eigedommane i forbindelse med arbeidet, som til mellomlagring av massar og liknande, men kommunen kjem sjølv sagt til å setja arealet i stand att.

Alle innspela er i ferd med å bli vurdert og innarbeidd i planen, der forskjellige løysingar vert vurdert.

Reguleringsarbeidet gjev og ei moglegheit til å oppdatere eldre planar til eksisterande lovverk og revidere gjeldande reguleringsplanar i området for å tilpasse plankart og føresegner til å reflektere dagens situasjon.



Oversikt over Øyagata. Fortau blir på høgre side sett frå denne vinkelen.



Foreløpig plankart.

**Returadresse:**  
**Luster kommune**  
**Postboks 77**  
**N-6866 Gaupne**  
**Noreg / Norway**



## Luster kommune Opningstider



### Rådhuset

Alle dagar (måndag-fredag) 09:00-15:00

Opningsider i romjula:  
Onsdag 10.00-14.00

Du kan booke avtalar, finne informasjon og vaktnummer  
på [www.luster.kommune.no](http://www.luster.kommune.no)



Scan qr-koden for å tinge avtale med  
tilsette ved rådhuset

### Luster legekontor

Måndag - fredag:

Telefontid	08.00-14.00
Konsultasjon	08.30-14.00
Labratorium	08.30-14.30

### Luster bibliotek

Måndag	stengt
Tysdag, onsdag og torsdag	11.00-16.00
Fredag	11.00-15.00
Laurdag	11.00-14.00
(Romjula ope onsdag-fredag)	11.00-14.00

### NAV Luster

Tysdag	12.00-14.00
Elles etter avtale.	

### Luster miljøpark/Simas

Måndag	09.00-14.00
Onsdag og torsdag	14.00-18.00

### Lustrabadet

Måndag, tysdag og torsdag	15.00-20.30
Onsdag og fredag	06.30-08.30/ 12.00-20.30
Laurdag og søndag	10.00-17.00

Få med deg dei aktuelle sakene!

Folg Luster kommune  
på sosiale medium



## LUSTRA *nytt* Nr. 2 - 2023

Opplag: 4.150. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnentar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukehus.

Redaksjonen avslutta 17. november 2023

Ansvarleg redaktør: Rådmann Jarle Skartun.

Redaksjonen er lagt til Infotorget v/Organ Talle.

Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er bidragsytarar til redaksjonen.

Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevest til adressa nedanfor.

Redaksjonen si adresse:

Luster kommune, Lustranytt,  
Postboks 77, 6866 Gaupne

Tlf. 57 68 55 00

E-post: postmottak@luster.kommune.no

Layout/produksjon: sognefjord.net as | Tlf 959 86 632

Framsidefoto: To gode venner ein fin vinterkveld på skøyteisen på Nigardsbrevatnet.

Fotograf: Silje Kreken

### Viktige telefonnummer

Helsesenteret/Lege i kontortida

Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet på rådhuset er også sentralbord for kontora på helsesenteret med unnatak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykisk helse.

LEGEVAKT

Tlf. 116 117

TANNLEGEN i Nesgården

Tlf. 57 63 68 30

KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP

Mob. 481 02 120

(Veg/vatn/kloakk)

NAV Luster Tlf. 55 55 33 33

Andre viktige telefonnr.:

Melding om brann

Tlf. 110

Vakthavande brannbefal

Mob. 416 59 440

Politi

Tlf. 112

Ambulanse

Tlf. 113

